- Cummins, J. (2000). *Language, Power and Pedagogy: Bilingual Children in the Crossfire*.  
Clevedon: Multilingual Matters
- Dale, E. L. (2004). *Kultur for tilpasning og differensiering*.  
Retrieved 20.02.2015 from  
[http://www.udir.no/Upload/Rapporter/5/Kultur\\_for\\_tilpasning\\_differensiering.pdf](http://www.udir.no/Upload/Rapporter/5/Kultur_for_tilpasning_differensiering.pdf)
- Dale, E. L. & Wærness, J. I. (2006). *Vurdering og læring i en elevaktiv skole*.  
Oslo: Universitetsforlaget
- Dam, L. (1995). *Learner Autonomy 3: from Theory to Classroom Practice*.  
Dublin: Authentik
- Danielsen, A. G. (2010). Lærerenes møte med elevene og selvregulert læring på ungdomstrinnet. In *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 6, 462-475.  
Retrieved 11.04.15 from  
<http://bora.hib.no/nb/item/382>
- Danielsen, A. G. (2013). Kunnskapsbygging i skolen via kvantitative verktøy – statistikk og spørreskjema. In Brekke & Tiller (Eds.), *Læreren som forsker. Innføring i forskningsarbeid i skolen*.  
Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

- Du Bois, J. W. (1991). *Transcription Design Principles for Spoken Discourse Research*. Retrieved 30.09.2014 from <http://elanguage.net/journals/pragmatics/article/view/464/396>
- Du Bois, J. W. (2006). *Comparison of Transcription Symbols*. Retrieved 30.09.2014 from <http://www.linguistics.ucsb.edu/projects/transcription/A04comparison.pdf>
- Dörnyei, Z. (2007). *Research Methods in Applied Linguistics*. Oxford: Oxford University Press
- Dörnyei, Z. & Taguchi, T. (2010). *Questionnaires in Second Language Research. Construction, Administration, and Processing*. New York: Routledge
- Ellis, R. R. (2012). *Language Teaching Research & Language Pedagogy*. Oxford: Wiley-Blackwell
- Eng, K. R. & Høihilder, E. K. (2008). Elevvurdering og tilpasset opplæring. In Bjørnsrud & Nilsen (Eds.), *Tilpasset opplæring – intensjoner og skoleutvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Engen, T. O. (2007). Tilpasset opplæring i et sosiokulturelt perspektiv. In Berg & Nes (Eds.), *Kompetanse for tilpasset opplæring*. Retrieved 28.03.2015 from [http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse\\_for\\_tilpasset\\_opplaring.pdf](http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse_for_tilpasset_opplaring.pdf)  
Oslo: Utdanningsdirektoratet
- Engen, T. O. (2010). Tilpasset opplæring: utkast til en faglig forståelse. In Berg & Nes (Eds.), *Tilpasset opplæring – støtte til læring*. Vallset: Oplandske Bokforlag
- Fasting, R. B. (2012). Adapted Education: the Norwegian Pathway to Inclusive and Efficient Education. In *International Journal of Inclusive Education*, 1-14. Retrieved by the University Library in Bergen 28.02.2013 from <http://dx.doi.org/10.1080/1360316.2012.676083>  
DOI: 10.1080/1360316/2012.676083
- Fenner, A. B. (2006). *Learner Autonomy – one of the most Widely Touted Terms in Recent Discussion of Language Teaching?* Retrieved 09.10.2012 from [http://archive.ecml.at/mtp2/publications/C1\\_CoCoCoP.pdf](http://archive.ecml.at/mtp2/publications/C1_CoCoCoP.pdf)
- Flemmen, R. L. (2006). Head and Shoulders, Knees and Toes – Engelskfaget og Småskoleeleven. In Haug (Ed.), *Begynnaropplæring og Tilpassa Undervisning – kva skjer i Klasserommet?* Bergen: Caspar Forlag



- Gausland, A. & Haukås, Å. (2011). Bruk av ordlæringsstrategier blant norske tyskelever. In *Acta Didactica Norge*, (5)1, Art. 3.  
Retrieved 12.06.2014  
<http://adno.no/index.php/adno/article/view/99/131>
- Gilje, N. & Grimen, H. (1995). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger – Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsteori*  
Oslo: Universitetsforlaget
- Griffiths, C. (Ed.) (2008). *Lessons from Good Language Learners*.  
Cambridge: Language Teaching Library
- Gustafson, T. (2012). Vurdering; fra vurdering for læring til eksamen  
Retrieved 01.04.15 from  
[http://www.udir.no/PageFiles/50673/4\\_Vurdering\\_arbeidslivsfag\\_270312.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/PageFiles/50673/4_Vurdering_arbeidslivsfag_270312.pdf?epslanguage=no)
- Hall, J. K. (1997). A Consideration of SLA as a Theory of Practice: a Response to Firth and Wagner. In *The Modern Language Journal*, (81)03, 301-305.  
DOI: 10.1111/j.1540-4781.1997.tb05482.x
- Hall, G. & Cook, G. (2012). Own-Language Use in Language Teaching and Learning. In *Language Teaching*, (45)03.  
DOI: 10.1017/S0261444812000067
- Hasselgreen, A. (2005). The new *Læreplan* Proposal for English – Reading Between the Lines. In *Språk og språkundervisning*, 2, 7-10.
- Haug, P. (2006). *Begynnaropplæring og tilpassa undervisning – kva skjer i klasserommet?*  
Bergen: Caspar Forlag
- Haug, P. (Ed.) (2012). *Kvalitet i opplæringa – arbeid i grunnskulen observert og vurdert*.  
Oslo: Det Norske Samlaget
- Hoel, T. L. (2000). Forskning i eget klasserom. noen praktisk-metodiske dilemma av etisk karakter. In *Nordisk Pedagogik*, (20)3.
- Holec, H. (1981). *Autonomy and Foreign Language Learning*.  
Oxford: Pergamon
- Håstein, H. & Werner, S. (2003). *Men de er jo så forskjellige: tilpasset opplæring i vanlig undervisning*.  
Oslo: Abstrakt Forlag
- Ibsen, E., & Hellekjær, G. O. (2003). A Profile of Norwegian Teachers of English in the 10<sup>th</sup> Grade. In Simensen (Ed.), *Teaching and Learning a Second or Foreign Language: Studies and Applications*.  
Oslo: Universitetsforlaget.

- Ibsen, E. (2004). *Engelsk i Europa - 2002: Norsk rapport fra en europeisk engelskundersøkelse om holdninger til og ferdigheter i engelsk ved utgangen av den obligatoriske grunnskolen*. Oslo: Institutt for lærerutdanning og skoleutvikling, Universitetet i Oslo
- Imsen, G. (2006). *Lærerenes verden. Innføring i generell didaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget
- Imsen, G. (2014). *Elevenes verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo: Universitetsforlaget
- Jensen, R. (2009). Tilpasset opplæring. In Svanberg & Wille (Eds.), *La stå! Læring – på veien mot den profesjonelle lærer*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Jenssen, E. S. & Lillejord, S. (2009). Tilpasset opplæring: Politisk dragkamp om pedagogisk praksis. In *Acta Didactica Norge*, (3)1, Art. 13. Retrieved 12.01.2015  
<http://adno.no/index.php/adno/article/view/99/131>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Interviews: Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing*. Thousand Oaks, CA: SAGE Publications
- Lantolf, J. P. (2000). Second Language Learning as a Mediated Process. In *Language Teaching*, (33)02, 79-96.  
DOI: 10.1017/S0261444800015329
- Leontiev, A. A. (1981). *Psychology and the Language Learning Process*. Oxford: Pergamon
- Little, D. (2003). *Languages in the Post-Primary Curriculum: A Discussion Paper*. Dublin: National Council for Curriculum and Assessment
- Lillejord, S. (2008). Skoleledelse, inkluderende praksis og tilpasset opplæring. In Bjørnsrud & Nilsen (Eds.), *Tilpasset opplæring – intensjoner og skoleutvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Ministry of Church Affairs and Education. *The National Curriculum of 1987: M87*  
Retrieved 15.01.2015 from  
<http://www.nb.no/nbsok/nb/7daa603c8ec0902f1b1b060a1c1a2c8f#0>
- Ministry of Church Affairs, Education, and Research. *The National Curriculum of 1997: L97*  
Retrieved 30.03.2015 from  
<http://www.nb.no/nbsok/nb/adf3c4f27b9b41b8e2f231a54988bd42.nbdigital?lang=no#0>
- Ministry of Education and Research. *Equity in Education for all*.  
Retrieved 15.09.2013 from  
[http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Likeverdige\\_eng\\_jan%202008.pdf](http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Likeverdige_eng_jan%202008.pdf)

- Ministry of Education and Research. *English Subject Curriculum*.  
Retrieved 28.03.2015 from  
<http://www.udir.no/kl06/ENG1-03/Hele/?lplang=eng>
- Ministry of Education and Research. *Regulations to The Education Act*.  
Retrieved 20.01.2015 from  
[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)
- Ministry of Education and Research. *The Education Act*.  
Retrieved 26.10.2012 from  
[http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Education\\_Act\\_Norway\\_30\\_September\\_2010.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Education_Act_Norway_30_September_2010.pdf)
- Ministry of Education and Research. *The Core Curriculum*.  
Retrieved 12.01.2015 from  
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/>
- Ministry of Education and Research. *The Knowledge Promotion LK06*  
Retrieved 26.10.2012 from  
[http://www.udir.no/Upload/larerplaner/Fastsatte\\_lareplaner\\_for\\_Kunnskapsloftet/5/prinsipper\\_lk06\\_Eng.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/larerplaner/Fastsatte_lareplaner_for_Kunnskapsloftet/5/prinsipper_lk06_Eng.pdf?epslanguage=no)
- Ministry of Education and Research. *White Paper No. 30 (2003-2004), Kultur for Læring*  
Retrieved 28.03.2015 from  
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-030-2003-2004-/id404433/>
- Ministry of Education and Research. *White Paper No. 16 (2006-2007), ... og ingen stod igjen*  
Retrieved 14.01.2015 from  
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-16-2006-2007-/id441395/>
- Ministry of Education and Research. *White Paper No. 31 (2007-2008), Kvalitet i skolen*.  
Retrieved 14.01.2015 from  
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-31-2007-2008-/id516853/>
- Ministry of Education and Research. *White Paper No. 11 (2008-2009), Læreren. Rollen og utdanningen*.  
Retrieved 24.01.2015 from  
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/stmeld-nr-11-2008-2009-/id544920/>
- Mitchell, R., Myles, F. & Marsden, E. (2013). *Second Language Learning Theories*.  
London: Routledge
- Moen, T. (2004). *Kids Need to be Seen: A Narrative Study of a Teacher's Inclusive Education*.  
Doctoral Thesis, NTNU, Trondheim

- Moravcsik, A. (2014). *Transparency: The Revolution in Qualitative Research*. In *American Political Science Association, 01*.  
 DOI: 10.1017/S1049096513001789  
 Retrieved 12.04.15 from  
<http://www.princeton.edu/~amoravcs/library/transparency.pdf>
- Mortimore, P. (2004). *Equity in Education: Thematic Review. Norway, Country Note*.  
 Retrieved 28.03.2015 from  
<http://www.oecd.org/education/innovation-education/35892523.pdf>  
 Paris: OECD
- NSSDS. Norwegian Social Science Data Services.  
 Retrieved 05.10.2013 from  
[http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige\\_sporsmal.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige_sporsmal.html)
- Nunally, J. C. (1978). *Psychometric Theory 2<sup>nd</sup> ed.*  
 New York: McGraw-Hill
- Ofsted (2015). The Office for Standards in Education, Childrens' Services and Skills. *The Most Able Students*.  
 Retrieved 14.05.2015 from  
[https://www.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment\\_data/file/408909/The\\_most\\_able\\_students\\_an\\_update\\_on\\_progress\\_since\\_June\\_2013.pdf](https://www.gov.uk/government/uploads/system/uploads/attachment_data/file/408909/The_most_able_students_an_update_on_progress_since_June_2013.pdf)
- Oppenheim, A. N. (1992). *Questionnaire Design, Interviewing and Attitude Measurement*.  
 London: Pinter Publishers
- Overbaugh, R. C. & Schultz, L. *Bloom's Taxonomy*.  
 Retrieved 05.05.2015 from  
[http://ww2.odu.edu/educ/roverbau/Bloom/blooms\\_taxonomy.htm](http://ww2.odu.edu/educ/roverbau/Bloom/blooms_taxonomy.htm)
- Oxford, R. (1990). *Language Learning Strategies: What every teacher should know*.  
 New York: Newbury House Publisher
- Oxford, R. (2001). *Language Learning Strategies*. In Carter & Nunan (Eds.),  
*Teaching English to Speakers of Other Languages*.  
 Cambridge: Cambridge University Press
- Oxford, R. L. (2003). *Language Learning Styles and Strategies: an Overview*.  
 Retrieved 08.05.2015 from  
<http://web.ntpu.edu.tw/~language/workshop/read2.pdf>
- PISA (2004). The OECD Programme for International Student Assessment.  
 Retrieved 02.02.2010 from  
[http://www.pisa.no/pdf/hovedrapportkapitler/selvregulert\\_laering.pdf](http://www.pisa.no/pdf/hovedrapportkapitler/selvregulert_laering.pdf)
- Robson, C. (1993). *Real World Research: a Resource for Social Scientists and Practitioner Researchers*.  
 Cambridge, MA: Blakewell

- Richards, J. C. (2006). *Communicative Language Teaching Today*. Cambridge: Cambridge University Press
- Rudi, I. B. (2007). *Fra allmueskole til grunnskole*. Retrieved 02.04.15 from <http://www.kildenett.no/artikler/2007/1188293365.55>
- Ryan, R. M. & Deci, E. L. (2000). *Intrinsic and Extrinsic Motivations: Classic Definitions and New Directions*. Retrieved 09.05.2015 from [http://www.selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000\\_RyanDeci\\_IntExtDefs.pdf](http://www.selfdeterminationtheory.org/SDT/documents/2000_RyanDeci_IntExtDefs.pdf)
- Simensen, A. M. (2007). *Teaching a Foreign Language. Principles and Procedures*. Bergen: Fagbokforlaget
- Skjelbred, D., Solstad, T., & Aamotsbakken, B. (2005). *Kartlegging av læremidler og læremiddelpraksis*. Tønsberg: Høgskolen i Vestfold.
- Solerød, E. (2009). Læringstradisjoner. In Svanberg & Wille (Eds.), *La stå! Læring – på veien mot den profesjonelle lærer*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Solhaug, T. (2005). Elevmedvirkning og danning. In Børhaug, Fenner & Aase (Eds.), *Fagenes begrunnelser*. Bergen: Fagbokforlaget
- Stålsett, U., Storhaug, M. & Sandal, R. (Eds.) (2009). *Veiledning i tilpasset opplæring: arbeidsmåter – fra oppskrift til refleksjon*. Bergen: Fagbokforlaget
- Svanberg, R. C. & Wille, H. P. (Eds.) (2009). *La stå! Læring – på veien mot den profesjonelle lærer*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Swain, M. (1995). Three Functions of Output in Second Language Learning. In Cook & Seidlhofer (Eds.), *Principle & Practice in Applied Linguistics. Studies in Honour of H. G. Widdowson*. Oxford: Oxford University Press
- Swain, M. (2000). The Output Hypothesis and Beyond: Mediating Acquisition Through Collaborative Dialogue. In Lantolf (Ed.), *Sociocultural Theory and Second Language Learning*. Oxford: Oxford University Press
- Tomlinson, B. (2001). Materials Development. In Carter & Nunan (Eds.), *The Cambridge Guide to Teaching English to Speakers of Other Languages*. Cambridge: Cambridge University Press

- Tomlinson, C. A. (1999). *The Differentiated Classroom. Responding to the Needs of All Learners*.  
Alexandria, Va.: Association for Supervision and Curriculum Development
- Udir (2011). Norwegian Directorate for Education and Training. *Kjennetegn på måloppnåelse i engelsk*.  
Retrieved 01.04.2015 from  
[http://www.udir.no/Upload/Vurdering/Kjennetegn/Engelsk\\_kjennetegn\\_BM.pdf](http://www.udir.no/Upload/Vurdering/Kjennetegn/Engelsk_kjennetegn_BM.pdf)
- Udir (2014). Norwegian Directorate for Education and Training. *Vurdering som redskap for tilpasset opplæring*.  
Retrieved 30.03.2015 from  
<http://www.udir.no/Vurdering-for-laring/4-prinsipper/Et-redskap-for-tilpasset-opplaring/>
- Van Lier (1996). *Interaction in the Language Curriculum. Awareness, Autonomy and Authenticity*.  
London: Longman
- Vygotsky, L. S. (1978). *Mind in Society*.  
Cambridge, MA: Harvard University Press
- Wells, G. (1999). *Dialogic Inquiry: Towards a Sociocultural Practice and Theory of Education*.  
Cambridge: Cambridge University Press
- Weka, I. (2009). *Tilpasset opplæring – lærerens forståelse av konseptet tilpasset opplæring og bruken av den i engelskundervisningen*.  
MA thesis, University of Oslo  
Retrieved 13.10.2012 from  
<http://www.duo.uio.no/sok/work.html?WORKID=96751>
- Woodrow, L. (2006). Anxiety and Speaking English as a Second Language. In *RELC Journal*, 37, 308-328.  
Retrieved 14.05.2015 from  
<http://citeseerx.ist.psu.edu/viewdoc/download?doi=10.1.1.115.2219&rep1&type=pdf>

# 8 APPENDICES

## 8.1 Appendix A – Information to Participating Schools

Lise Rønnestad  
Høgebakkane 16  
6770 Nordfjordeid  
Tel. 951 75 608

Til deltakande skular

### **STUDIE AV TILPASSA OPPLÆRING I ENGELSK SETT FRÅ ELEVPERSPEKTIV**

Viser til telefonsamtale m. rektor 08.11.2013.

I samband med mi masteroppgåve i engelsk ved Universitetet i Bergen, planlegg eg ei undersøking av elevar på 10. trinn si oppfatning av og erfaring med tilpassa opplæring i engelsk. Studien omfattar ikkje spesialundervisning, kun den ordinære undervisninga i faget.

For å skaffe datagrunnlag til oppgåva, ynskjer eg å gjennomføre ei spørjeundersøking på 10. trinn ved hjelp av eit enkelt spørjeskjema. Ved eit seinare høve vil nokre få elevar kunne bli plukka ut til intervju.

Eg takkar for at De er positive til å delta, og ser fram til samarbeidet.

Vennleg helsing,  
Lise Rønnestad

## 8.2 Appendix B – Informed Consent

Lise Rønnestad  
Høgebakkane 16  
6770 Nordfjordeid  
Tel. 951 75 608

Til elevar på 10. trinn ved ... skule

**Forespørsel om deltaking i forskingsprosjektet**

### ***TILPASSA OPPLÆRING I ENGELSK***

#### **Bakgrunn og formål**

Undersøkinga er ein del av mi masteroppgåve i engelsk ved Universitetet i Bergen. Formålet er å kartlegge korleis *elevar* på 10. trinn opplever at engelskundervisninga blir tilpassa deira evner og nivå i faget.

Utvalet av informantar består av 10. klasser ved ulike skular i regionen, og du blir spurd om å delta fordi du er elev på 10. trinn i år.

#### **Kva inneber deltaking i studien?**

Studien er delt i to:

- a. Spørjeskjema til alle deltakarar
- b. Intervju av nokre få av deltakarane

Spørsmåla handlar om kva erfaringar du har gjort deg når det gjeld engelskfaget. Det har inga betydning *korleis* du vurderer faget eller kva nivå du er på; alle erfaringar er like viktige.

Nokre få deltakarar vil bli spurd om å delta i intervju/samtale. Her vil deltakarane bli spurt om å utdjupe meir korleis dei opplever engelskfaget. I intervjuet vil det bli brukt lydopptak.

Både spørjeskjema og intervju er på norsk.

#### **Kva skjer med informasjonen?**

Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er kun ansvarleg student og rettleiar som vil ha tilgang til informasjonen. Spørjeskjema vil vere anonyme, men merka med nummer for å kunne brukast ved utveljing av intervjuobjekt. Ingen deltakarar vil kunne gjenkjennast i materialet.

Prosjektet skal avsluttast ved innlevering av masteroppgåva i mai 2015.



Alle personopplysningar, datamateriale og lydopptak vil då bli sletta.

### **Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan grunngeving. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta. Det er ingen risiko ved å delta, og ditt bidrag vil vere viktig for at studien blir best mogleg. Eg håpar difor du er villig til å delta.

Dersom du har spørsmål til studien, ta kontakt med Lise Rønnestad (masterstudent) eller Torill Irene Hestetræet (rettleiar).

Studien er godkjent av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S, prosjekt nr. 36464.

Vennleg helsing,

Lise Rønnestad

---

### **Samtykke til deltaking i studien TILPASSA OPPLÆRING I ENGELSK**

Eg har motteke informasjon om studien, og er villig til å delta.

---

(Stad/dato) (Signatur elev)

## 8.3 Appendix C – NSD Approval

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Postboks 1047  
N-5007 Bergen  
Norge  
Tel: +47 55 58 21 11  
Fax: +47 55 58 50 50  
nsd@uio.no  
nsd@nhd.no  
Org.no: 980 221 884

Torill Irene Hestetraet  
Institutt for fremmedspråk Universitetet i Bergen  
Sydnesplassen 7  
5007 BERGEN

Vår dato: 29.11.2013

Vår ref: 36464 / 2 / KH

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 28.11.2013. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>36464</i>	<i>Adapted education in English</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Universitetet i Bergen, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Torill Irene Hestetraet</i>
<i>Student</i>	<i>Lise Rønnestad</i>

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33.

Dersom prosjektopplegget endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet meldes på nytt. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>.

Vedlagt følger vår begrunnelse for hvorfor prosjektet ikke er meldepliktig.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Kjersti Haugstvedt tlf: 55 58 29 53

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Lise Rønnestad [lise.ronnestad@eid.kommune.no](mailto:lise.ronnestad@eid.kommune.no)

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSD's rutiner for elektronisk godkjenning.

Arkivreferansen: 36464/2/13

NSD: Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS, Postboks 1047 Sydnes, 5007 Bergen, Norge. Tlf: +47 55 58 21 11. [nsd@uio.no](mailto:nsd@uio.no)  
NSD: Norsk teknisk naturvitenskapelig universitet, 4901 Trondheim, Norge. Tlf: +47 73 31 05 00. [kj@ntnu.no](mailto:kj@ntnu.no)  
NSD: Universitetet i Tromsø, 9001 Tromsø, Norge. Tlf: +47 77 91 40 00. [nsd@uio.no](mailto:nsd@uio.no)

## Personvernombudet for forskning



### Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjekt nr: 56464

Personvernombudet kan ikke se at det i prosjektet behandles personopplysninger med elektroniske hjelpemidler, eller at det opprettes manuelt personregister som inneholder sensitive personopplysninger. Prosjektet vil dermed ikke omfattes av meldeplikten etter personopplysningsloven.

Personvernombudet legger til grunn at man ved transkripsjon av intervjuer eller annen overføring av data til en datamaskin, ikke registrerer opplysninger som gjør det mulig å identifisere enkeltpersoner, verken direkte eller indirekte. Alle opplysninger som behandles elektronisk i forbindelse med prosjektet må være anonyme. Med anonyme opplysninger forstås opplysninger som ikke på noe vis kan identifisere enkeltpersoner i et datamateriale, verken direkte gjennom navn eller personnummer, indirekte gjennom bakgrunnsvariabler eller gjennom navneliste/koblingsnøkkel eller krypteringsformel og kode.

Prosjektstart er 15.05.15. Lyddopptak slutes.

## 8.4 Appendix D – Questionnaire

### SPØRJESKJEMA 10. TRINN (Januar 2014)

Set *eitt* kryss ved kvar påstand.

SKULE:

ELEV NR:

<i>A – Påstandar om læringsaktivitet</i>		<i>Aldri</i>	<i>Sjeldan</i>	<i>Av og til</i>	<i>Ofte</i>	<i>Alltid</i>
1	I min klasse skriv vi logg om engelskfaget					
2	Eg har delteke på kartleggingsprøver i engelsk					
3	Vi lagar film på engelsk					
4	Eg får konkrete tilbakemeldingar på engelsktextane mine					
5	Vi spelar spel for å lære engelsk					
6	Vi brukar ulike dataprogram for å lære engelsk					
7	Eg kan velje mellom ulike tekstar når eg skal lese engelsk					
8	Læraren går gjennom og forklarar nye tekstar i engelsk					
9	Elevane jobbar sjølvstendig med nye tekstar i engelsk					
10	Vi låner engelske bøker på biblioteket					
11	Vi ser engelske filmar/tv-program på skulen					
12	Eg samarbeider med medelevar i engelsktimane					
13	I engelsk får eg lekse frå time til time					
14	Vi blir testa for å sjå om vi har nådd måla våre i engelsk					
15	Læraren gjev meg råd om korleis eg skal bli flinkare til å skrive engelsk					
16	Vi diskuterer nyhende på engelsk					
17	I min klasse har elevane munnlege presentasjonar på engelsk					

		<i>Aldri</i>	<i>Sjeldan</i>	<i>Av og til</i>	<i>Ofte</i>	<i>Alltid</i>
<b>18</b>	I engelsktimane har klassen min meir enn ein lærar					
<b>19</b>	I klassen min har vi rollespel på engelsk					
<b>20</b>	Engelsklæraren spør meg om korleis eg helst vil arbeide med engelsk					
<b>21</b>	I engelsktimane arbeider vi i mindre grupper					
<b>22</b>	I klassen min har vi arbeidsplan i engelsk					
<b>23</b>	Eg får vere med å bestemme kva mål eg skal jobbe mot i engelsk					
		<b>Heilt einig</b>	<b>Delvis einig</b>	<b>Verken einig eller ueinig</b>	<b>Delvis ueinig</b>	<b>Heilt ueinig</b>
<b>24</b>	Eg veit kva eg må gjere for å blir flinkare i engelsk					
<b>25</b>	I min klasse har vi fokus på å lære nye engelske ord					
<b>26</b>	Læraren gjev meg nyttige kommentarar på engelsktekstane mine					
<b>27</b>	Eg har fått opplæring i korleis eg skal bruke engelsk ordbok					
<b>28</b>	Eg får velje korleis eg skal arbeide med engelsk på skulen					
<b>29</b>	Eg er med å bestemme korleis eg skal bli vurdert i engelskfaget					
<b>30</b>	I klassen min brukar vi mykje tid på engelsk grammatikk					

<b>B – Påstandar om haldningar/eigne vurderingar</b>		<b>Heilt einig</b>	<b>Delvis einig</b>	<b>Verken einig eller ueinig</b>	<b>Delvis ueinig</b>	<b>Heilt ueinig</b>										
<b>1</b>	Eg likar engelskfaget betre no enn eg gjorde på barneskulen															
<b>2</b>	På skulen får eg den hjelpa eg treng i engelskfaget															
<b>3</b>	Eg kjenner meg trygg på å snakke engelsk i klassen															
<b>4</b>	Det er lett å lære engelsk															
<b>5</b>	Eg forstår godt engelsk															
<b>6</b>	Eg har lyst til å bli flinkare i engelsk															
<b>7</b>	Eg snakkar godt engelsk															
<b>8</b>	Eg veit kva eg skal lære i engelsk															
<b>9</b>	Eg skriv godt engelsk															
<b>10</b>	Eg treng ofte hjelp med engelskfaget															
<b>11</b>	Det er viktig å arbeide med engelskfaget på mange ulike måtar															
<b>12</b>	Set kryss ved dei orda du meiner passar på engelskfaget: (du kan setje fleire kryss) <table style="width: 100%; border: none;"> <tr> <td style="width: 50%;">a) Morosamt</td> <td style="width: 50%;">f) Interessant</td> </tr> <tr> <td>b) Unødvendig</td> <td>g) Vanskeleg</td> </tr> <tr> <td>c) Bortkasta tid</td> <td>h) Nødvendig</td> </tr> <tr> <td>d) Enkelt</td> <td>i) Utfordrande</td> </tr> <tr> <td>e) Kjedeleg</td> <td>j) Spennande</td> </tr> </table>	a) Morosamt	f) Interessant	b) Unødvendig	g) Vanskeleg	c) Bortkasta tid	h) Nødvendig	d) Enkelt	i) Utfordrande	e) Kjedeleg	j) Spennande					
a) Morosamt	f) Interessant															
b) Unødvendig	g) Vanskeleg															
c) Bortkasta tid	h) Nødvendig															
d) Enkelt	i) Utfordrande															
e) Kjedeleg	j) Spennande															

<i>C – Opne spørsmål</i>		<i>Svar:</i>
1	Korleis vil du beskrive ditt forhold til engelskfaget?	
2	Korleis opplever du at engelskundervisninga passar for deg?	
3	Kva er den beste måten for deg å lære engelsk på?	
4	Kjem du til å studere engelsk seinare? Kvifor/kvifor ikkje?	

<i>D – Tilleggsopplysningar</i>		<i>Set eitt kryss på kvart spørsmål:</i>
1	Kjønn?	Gut: Jente:
2	Er du villeg til å delta i eit intervju om korleis du opplever engelskfaget?  (Intervjuet blir gjort på norsk)	Ja: Nei:

## 8.5 Appendix E – Interview Guide

1. Prøv å hugse tilbake til då du begynte å lære engelsk. Korleis var det?
2. Korleis er forholdet ditt til det engelske språket i dag?
3. Kva tankar har du om engelsk som skulefag?
4. Kva deler ved engelsk meistrar du godt?
5. Er det noko du synest er vanskeleg i engelsk?
6. Har du interesse av å bli flinkare i engelsk? Kvifor/kvifor ikkje?
7. Kva kan du gjere for å betre ferdighetene dine i engelsk?
8. Har du lært noko om læringsstrategiar på skulen? I tilfelle, kva?
9. Har du lært spesielle språklæringsstrategiar?
10. Kva strategiar brukar du når du arbeider med engelsk?
11. Kva slags heimearbeid blir det forventa at du gjer i engelsk? Kven bestemmer dette?
12. Snakkar læraren engelsk i engelsktimane? Elevane?
13. Har du arbeidsplan for engelskarbeidet ditt? Viss ja, kven lagar denne?
14. Er du med på å bestemme læringsmåla dine i engelsk? Evt. korleis?
15. Blir det brukt loggskriving eller eigenvurdering av engelskfaget i di klasse?
16. Korleis blir kjenneteikn på måloppnåing brukt i di engelskklasse?
17. Får du informasjon/råd om korleis du kan forbetre engelskferdighetene dine?
18. Diskuterer klassen din innhaldet i engelsktimane med læraren? Evt. korleis?
19. Korleis vil du vurdere dei utfordringane du får i engelskfaget?
20. Kva gjer du for å lære deg nye ord på engelsk?
21. Korleis vil du beskrive det engelsk ordforrådet ditt?
22. Korleis vil du beskrive ein typisk engelsktime i din klasse?
23. Kva råd vil du gje til lærarar som underviser i engelsk?



## 8.6 Appendix F – Transcribed Interviews

### ID 01 (f)

I: Først så vil eg berre at du skal seie litt om kva du synest om engelskfaget.

R: Eg synest at det er eit av dei kjekkaste faga. Et av dei faga eg likar best.

I: Kvifor det?

R: Det er kjekt å lære eit sånt språk som mange andre rundt om i verda brukar, og så= er det kjekt å snakke eit anna språk. Og så= synest eg at vi har kjekke timar i engelsk.

I: Klarer du å hugse tilbake til når du begynte å lære engelsk? Eg veit ikkje kor tid du begynte eg? om det var i første klasse eller --

R: Det var i første, trur eg.

I: Ja. Hugsar du korleis det var? Om du likte det, eller --

R: Ja, eg har alltid likt engelsk. Vi begynte jo med sånn enkle ting, sånn som 1 til 10, og sånne små ord.

I: Mhm. Har du inntrykk av at engelsk er eit populært fag= blant elevar?

R: Det trur eg. .. Eg= veit ikkje om mange som ikkje likar engelsk då.

I: Er det nokon forskjell på gutar og jenter, trur du?

R: Nei= ikkje egentlig.

I: Viss du skal seie noko som du får godt til= i engelsk, kva er det?

R: Mmm, skrive stilar, kanskje. Det synest eg er kjekt. Skrive engelske stilar. Og= det er ikkje noko som er sånn skikkelig vanskelig, liksom.

I: Så det er ikkje noko du tenker at du= strevar med? Eller ikkje får til så godt?

R: Nei.

I: Snakke, då?

R: Ja, det går heilt fint @

I: Har du lyst til å bli flinkare i engelsk?

R: Ja, eg skal ha engelsk vidare på vidaregåande.

I: Ok, så du har planen klar?

R: Ja.

I: Når du tenker at du skal bli flinkare i engelsk, veit du *kva* du skal gjere for å bli betre?

R: Eh= eg vil liksom utvide ordforrådet i engelsk, sånn at eg kan fleire engelske ord. Og så bli flinkare til å snakke, sånn viss eg snakkar med ein engelsk person, at eg veit kva eg snakkar om. @

I: Synest du at du får noko= rettleiing frå engelsklæraren om kva du skal gjere for å bli flinkare?

R: Ja=, etter prøver og når vi har levert inn stilar og får tilbake sånne ting, så står det alltid kva vi bør jobbe litt meir med, om det er å bøye nokre verb eller om det er= måtar å skrive forskjellige engelske ord på og sånn.

I: Når de skriv tekstar og leverer inn, får de karakter med ein gong, eller får du den igjen med nokre råd?

R: Vi får den igjen og då står det ein sånn kommentar.

I: Men då får de karakter? Det er ikkje slik at du jobbar og tar den igjen ein gong til?

R: Nei, men det har dei gjort, det gjorde dei den veka eg hadde vannkoppar, så då gjorde dei sånn at dei skreiv og så fekk dei tilbakemelding og så skulle dei skrive meir på den trur eg.

I: OK. Men vanlegvis så gjer de ikkje det?

R: Nei.

I: Har du høyrte ordet læringsstrategi?

R: Ja.

I: Veit du kva det er?

R: Måtar -- Forskjellige måtar å lære det og det på.

I: Er du noko bevisst på kva slags læringsstrategiar du brukar?

R: Vi har begynt å bruke en sånn= at vi først ser på overskrifter og bilde, og så sånne= introtekstar. Og så står det av og til sånne= *quotes* som andre folk har sagt då, i bøkene. Då les vi det først og så seier vi kva vi trur det handlar om, tekstane, før vi les dei.

I: Ja. Har de hatt fokus på skulen på læringsstrategiar som går konkret på det å lære *språk*? I forhold til det å lære andre fag? (04.11)

R: Der er jo dei som har tysk då. Vi, i klassa vår er det nokre som har fordjuping i engelsk, det har eg, og så er det tre stykke som har tysk. Og der= vi har jo masse gloser og sånn så vi lærer meir av språket.

I: .. Kva slags heimearbeid er det forventa at du gjer i engelsk?

R: Vi -- Til kvar engelsktime les vi ein tekst som vi har gått gjennom på skulen, og så er der som regel oppgåver til teksten, sånn fem-seks oppgåver, og så= gjer vi dei til timane. Og så er det av og til vi skriv stilar og sånn, og så øver vi jo til prøver og sånn.

I: Kven er det som bestemmer lekser? Er det læraren, eller?

R: Eh -- Ja, det er læraren.

I: Får de vere med å= påverke?

R: Ikkje lekser. Den får vi liksom utlevert og så gjer vi den.

I: Men viss de for eksempel skal lese ting, les alle det same eller er det nokre sånne valmuligheter på tekstar for eksempel?

R: Det -- Vi held oss som regel til ein eller to tekstar kvar veke, og så går vi gjennom dei. Og når vi er ferdige med dei så går vi over til noko anna.

I: Men då er det stort sett tekstane som står i læreboka?

R: Ja.

I: Kva for ei lærebok er det de brukar?

R: Eh -- Searching 10, trur eg.

I: Mhm. Kva synest du om den då?

R: Eg synest det er ei ganske grei bok å ha, der er masse interessante tekstar, og så er der songar og dikt og sånt.

I: Litt variert?

R: Ja, litt variasjon.

I: Snakkar læraren dykkar engelsk i engelsktimane?

R: Ja, vi snakkar engelsk i engelsktimane.

I: Både elevane og læraren? (06.14)

R: Ja, det er av og til vi= snakkar norsk då, viss det er noko vi ikkje klarer å finne orda til. Så då brukar vi å seie det på norsk, men egentlig skal vi snakke engelsk då.

I: Men når læraren snakkar engelsk, er det uansett, for eksempel viss det er grammatikkundervisning, snakkar han framleis engelsk då?

R: Ja.

I: Har de arbeidsplan= i engelsk? [eller vekeplan]

R: [Sånn= vekeplan?] Ja, vi har vekeplan og så står det leksa for heile veka i alle fag.

I: Så de har plan for *ei* veke i gongen?

R: Ja.

I: Er de med på å lage den?

R: Nei, det er læraren. (06.58)

I: Alle fag har jo ein læreplan, og der er det nokre læringsmål. Er du noko bevisst på kva som er læringsmåla i engelsk?

R: Det er jo -- Det står liksom -- På eine sida står det leksa for alle dagane og på hi sida er det litt sånn informasjon og så står det læringsmål for alle faga. Så det er jo kva vi har om, for eksempel vi hadde om Afrika, og då stod det på læringsmål at vi skulle vite fakta om Afrika og så -- Det heng jo i hop med det vi har om den veka, dei tekstane.

I: Har de -- Blir de testa på nokon måte, i desse måla?

R: Ja, etter kvart kapittel brukar vi å ha kapittelprøve. Så då får vi på ein måte spørsmål om dei tekstane og sånn forskjellig= og dei oppgåvene vi har hatt i det kapitlet.

I: Er det skriftleg prøve?

R: Ja.

I: Skriv de nokologg i engelsk, eller eigenvurdering?

R: På= prøvene brukar det siste spørsmålet å vere kva du synest om din eigen innsats i dette kapitlet og kva du synest om= kva du har lært og om du synest det har vore eit kjekt kapittel og sånn. (08.19)

I: Klarer du å vurdere deg sjølv, då? Eg tenker på nivå? Veit du= kvar du ligg hen i karakter?

R: Eg har høg måloppnåing i engelsk.

I: Både munnleg og skriftleg?

R: Ja.

I: Har du høyrte omgrepet kjenneteikn på måloppnåing?

R: Mm= nei.

I: Har du= sett eller brukt, viss de for eksempel skal ha ein munnleg presentasjon, får de noko oversikt som seier noko om kva som skal til for å få middels eller høg

R: Ja, vi har, av og til før vi har presentasjonar så får vi sånn eksamensvurdering der det står kva ein må= gjere for å få høg måloppnåing, og middels. Og då er det jo sånn at vi skal ha forståing for det vi snakkar om og at vi er fri frå manus og sånn.

I: Ser du noko på det når du skal bu deg til noko?

R: Ja= eg brukar å -- Når vi får sånne= kva heiter det= stikkord over det vi må hugse på når vi har presentasjonar, der står det ofte ting du bør gjere for å få bra karakter.

I: Får de noko tilsvarande nå de skal skrive og?

R: Ja, vi får eigentleg vite det same, berre at det er forskjellig frå munnleg til skriftleg.

I: Diskuterer de noko med læraren= når det gjeld innhaldet i engelsktimane? (09.55)

R: Ja, det har vi gjort fleire gonger, læraren vil jo at vi skal få vere med å bestemme kva som skal skje i timane og sånn, og så spør ho ofte om kva slags måte vi lærer best på og sånn, og= om= vi skal lese høgt eller stille. Så= vi er på ein måte med å bestemme litt av timane.

I: Viss du skal= beskrive det som du tenker er ein vanleg engelsktime i dykkar klasse, korleis er det?

R: Først så møter vi opp i klasserommet @ Ho brukar å skrive det vi skal gjere i løpet av timen på tavla; først skal vi lese gjennom ein tekst og så skal vi sjå på litt oppgåver og sånn. Så brukar vi -- Vi har ein sånn CD om høyrer til boka, då høyrer vi på= ein tekst, kanskje. Så= viss der er vanskelege ord som vi ikkje forstår, så kan vi spørje om dei. Så går vi gjennom glosene, for der er alltid gloser som høyrer til teksten; nye ord, så går vi gjennom dei; ho seier dei engelske og så seier vi dei norske, og omvendt= Og så jobbar vi litt med oppgåver, enten åleine eller i par, som ho bestemmer då, men det varierer då. Og så= snakkar vi, sånn ope om den teksten for eksempel. (11.40)

I: Men føler du at det er ganske likt frå gong til gong, eller er det ting som varierer?

R: Det er ting som varierer. Av og til har vi leikar på ein måte -- I nokre engelsktimar har vi, det heiter *the loop*. Då får vi ut små papir med eitt spørsmål, eller eitt svar og eitt spørsmål. Så skal ein begynne å stille spørsmål og så skal den som har svaret, svare, og så stille spørsmålet. Og det har jo med dei tekstane vi har nettopp hatt. Så har vi og hatt at vi= har en ball og så stiller læraren spørsmål om ein tekst vi har lest, i lekse for eksempel. Så kastar ho den til nokon og så skal vi svare på spørsmålet. Så= det er ganske variert.

I: Viss du skal sjå på= utfordringane som du får i engelsk, synest du at det er for lett, er det passelig nivå for deg? Kva tenker du om det?

R: Det er jo forskjellig frå -- Det er nokre gonger då eg synest det er ganske greitt, og sånn at eg får det til, og så er det nokon= for eksempel å bøye nokre verb kan jo vere vanskelig, sånn regelrette og uregelrette. Og så er det jo forskjellige oppgåver som= det har jo med kva slags oppgåver det er. Viss det for eksempel er oppgåver der du skal søke på nettet og finne ut om en ting, det er jo ganske enkelt. Men viss du skal reflektere og seie kva *du* meiner, det kan ofte vere litt vanskeleg. (13.30)

I: Når du seier at du ligg på høg måloppnåing, tenkjer du at du har sjanse til å få seksar i engelsk? I munnleg eller skriftleg?

R: Ja= det kan hende. Det kjem an på tentamen og sånn, og prøver. Men eg trur eg ligg bra an i alle fall.

I: Du ligg bra an? Viss du kjem opp i engelsk munnleg til eksamen --

R: <EMPH då blir eg glad! EMPH>

I: Då blir du glad! .. Får de velje om de skal vere åleine eller i par?

R: Ja. Men eg vil vere åleine, for eg likar best ha kontroll sjølv @

I: @ Det var ikkje overraskande @ Trur du det er nokon andre i klassen din som har lyst til å vere par?

R: Der er jo ei i klassen min, ho likar ikkje heilt å stå åleine og sånn, ho er litt sjenert. Ho har kanskje lyst til å vere i lag med nokon. Ho klarer jo heilt sikkert å ha presentasjon og sånn, for den juryen..

I: Juryen, ja@

R: Ja, for dei personane som skal høyre på.

I: Men du er bestemt på at du vil vere åleine?

R: Ja.

I: Har du lyst til å komme opp i engelsk skriftleg og?

R: Eh= ja. Ja!

I: Og det trur du går bra?

R: Ja ☺

I: Korleis vil du beskrive ordforrådet ditt= i engelsk?

R: Det er vel -- Det er no bra det. Trur eg.

I: Kva gjer du for å lære deg nye ord då?

R: Eg puggar jo glosar, det vi har i lekse og sånn. Og så er eg jo på internett heile tida, der er det jo engelsk over alt. Og så= er det jo filmar og. Eg hugsar at eg lærte ordet *mirror* av at eg spelte eit spel, så då lærte eg det.

I: Brukar de sånne ting på skulen, for å lære engelsk? Dataspel eller film eller..

R: Nei= Vi ser filmar av og til då, og så skriv vi sånne filmreferat, der vi skriv kva det handlar om og kven som har laga den og når den blei utgitt og sånn.

I: Kva slags filmar hugsar du at de har sett i 10. klasse?

R: Eh, vi har sett *One flew over the cuckoo's nest* @ og så har vi sett *Narnia*, og *Harry Potter*, trur eg. Ja. .. Og så hugsar eg ikkje fleire.

I: Men då hugsar du jo nokre.

R: Ja.

I: Men= då vil jo det sikkert vere ein del av pensum til munnleg, i tillegg til tekstane som de har lest?

R: Ja. Alt vi gjer i timane, det er jo med, på karakteren.

I: Les de bøker eller tekstar der de får velje sjølve kva de skal lese?

R: Av og til så har vi sånne lesetimar der vi får velje eigne bøker. Og då= eg har lese slike ting som *The Hunger Games*, og eg har lese ei *Harry Potter*-bok, på engelsk då. Og så -- I lesetimane, vi har jo bibliotek, så då får vi gå og finne bøker der.

I: Les du noko på engelsk som ikkje har med skulen å gjere? Sånne av eigen, fri vilje?

R: Ja, eg las nettopp ei bok som heiter *The fault in our stars*. Den er på engelsk. Det var ei fin bok! @ (16.56)

I: Den har eg ikkje lese. Så då anbefalar du den?

R: Ja.

I: Tenkjer du at du har noko nytte av det når du skal skrive sjølv? At du likar å lese på engelsk?

R: Ja, for ein lærer jo av å lese, og då= viss ein les mykje så blir ein ofte flink til å skrive også.

I: Kan det vere ein måte å plukke opp nye ord på?

R: Ja.

I: .. I Noreg er det jo slik at alle elevar har rett på å få tilpassa opplæring, som det heiter. At det skal passe til det nivået de er på=. Korleis tenkjer du at det er i dykkar klasse? De har jo ei lita klasse?

R: Ja, vi er åtte @

I: Er det slik at det av og til blir lagt til rette for at elevar gjer ulike ting, eller gjer de det same?

R: Vi gjer ikkje alltid det same. Det -- Viss vi har tid til overs, og ikkje har meir vi *skal* gjere, så får vi jobbe sjølve, fritt med lekser og så får vi lese litt i bøkene.

I: På arbeidsplanen, eller vekeplanen dykkar, er der sånne valmuligheter? Eller er det --

R: Ja, der står alle leksene, og så ved sidan av der er det sånne val, sånne oppgåver vi kan gjere. (18.23)

I: OK, så der er litt som de kan velje sjølve?

R: Ja.

I: Viss du skulle ha gjeve nokre råd til engelsklærarar=, for at dei skulle gjere ein enda betre jobb, kva ville du sagt då?

R: Eg synest=, noko eg lærer av i alle fall, er når vi går gjennom glosene. For det er ofte viss ein les ein tekst, så veit ein ikkje kva det og det betyr, og så berre fortset ein å lese. Så – Eg synest det er greitt å -- Vi brukar av og til å ha sånn at vi vel eit ord og så går vi fram på tavla og skriv det. Og så skal vi forklare kva det betyr, og= det trur eg at alle lærer av. Vi lærer av andre og, når dei går fram og skriv.

Og så= synest eg at= ein bør ha sånne diskusjonar, om det ein har om i boka, sånn at det ikkje berre blir å sitje og lese og skrive. For det kan bli ganske kjedelig etter kvart. (19.30)

I: Når de har munnlege presentasjonar, det har de sikkert av og til, brukar du å lage PowerPoint, eller --

R: Ja.

I: Brukar du manus?

R: Eg brukar å skrive ned manus, sånn når eg øver meg og er heime og les, men når vi har presentasjonen så ligg det berre der. Sånn i tilfelle eg gløymer kva eg skal seie. Men vanlegvis så brukar eg dei stikkorda eg har på presentasjonen og så snakkar eg utifrå dei. (20.00)

I: Har de nokre sånne samtaler eller diskusjonar på engelsk som ikkje knytt til typiske skulefaglege ting? Eg tenkjer t.d. på nyhende=

R: Ja, det= i engelsktimane då, alltid i timane så begynner vi å snakke vi om noko heilt anna, og så blir det noko heilt anna igjen, og så gløymer ein kva ein heldt på å snakke om og då er det ofte -- Viss det skjer noko i nyhetene, sånn enten i nærheta eller om det skjer noko stort for eksempel i Korea, der er jo krig og sånn -- Så då begynner vi å snakke om det.

I: Ja, det er viktig å ha litt fokus på andre ting. .. Når du får tilbake skriftleg vurdering, du sa at de får tips om=, viss det er grammatikk du må jobbe meir med. Er det andre ting du får tilbakemelding på?

R: Det er jo strukturen på tekstane; innleiing, midtdel og avslutning. Om vi har klart å ha binding mellom forskjellige avsnitt, sånn at det flyter, liksom. Og så får vi tilbakemelding om vi har sånn= vidt ordforråd og brukar variert= at vi ikkje skriv eitt ord heile tida. At vi brukar litt variasjon av det ordet, sånn synonym. Og så får eg tilbakemelding på kva læraren synest om teksten. Og så= får vi tilbake heile teksten og då brukar læraren å streke under ting som er feil sånn at vi kan sjå på dei og sjå kva vi kan hugse på neste gong.

I: Har du nokre sånne feil som du brukar å gjere= sjølv om du har fått beskjed om at dette må du hugse på?

R: Før så brukte eg å ta feil av *was* og *were*, kva eg skulle bruke når. Og så var det *to* med ein eller to o-ar. Og så var det bøying av nokre verb, uregelrette, for dei må vi jo berre lære, korleis dei går, der er det jo ikkje nokon fast regel. Og så= før så brukte eg å gløyme å ha stor bokstav på sånn, *English*, *French*, sånne og så plassar og sånn. Men det gjer eg ikkje no lenger, no veit eg korleis det funkar.

I: No har du lært det?

R: Ja.

I: .. Er det noko du har lyst til å seie om engelsk som vi ikkje har snakka om?

R: Nei= eg syns det er ganske greitt å kunne engelsk då, for då kan ein bruke engelsk når ein er på ferie, for då treng ein ikkje å kunne= viss ein fer til Spania for eksempel, så treng ein ikkje å kunne spansk. Ein kan snakke engelsk, for dei forstår jo engelsk.

I: Kunne du tenkt deg å hatt ein jobb der du måtte snakke engelsk? (23.18)

R: Ja= men då må eg lære enda litt meir då, for eg veit ikkje om eg kunne gjort det akkurat no.

I: Nei, men kanskje om 10 år?

R: Ja, det kunne eg sikkert tenkt meg.

I: Kunne du tenkt deg å studert i eit anna land då, slik at engelsk var studiespråket ditt?

R: Eg har veldig lyst til å vere sånn utvekslingsstudent, at eg fer til Amerika eller England eller noko sånt, for eg føler at eg får lære masse då.

I: Ja, god idé!

R: Ja @

I: Har du bestemt kva du skal gjere neste år?

R: Kva linje liksom?

I: Ja.

R: Eg skal gå musikklinja.

I: Skal du ha engelsk likevel?

R: Jaja!

I: Ja, det må du. Men då trur eg vi er ferdige. Nei, vent litt forresten, det er vi ikkje. Vi har – ((leitar fram spørjeskjema)). Vi må sjekke at dette er du. Kjenner du igjen skrifta di?

R: Ja.

I: Skal vi sjå kva du har skrive.

R: Eg hugsar ikkje kva eg skreiv @

I: ... Her stod en del ord, der du skulle krysse ut dei du syntest passa på engelsk, og då skreiv du morosamt, interessant, utfordrande og spennande. Og= i alle fall slik eg les det, så er det berre positive ord?

R: Ja.

I: Er det noko med engelskfaget som ikkje synest er OK? Som du kunne tenkt deg å forandra på? Hatt meir av eller mindre av eller --

R: Sjølv, så synest eg vi burde hatt nokre sånne gloseprøver av og til for lære nye ord. Vi har ikkje det lenger, vi hadde det på barneskulen og i 8. klasse trur eg, men så berre har vi ikkje sånne gloseprøver lenger. Altså, viss vi har ein tekst ei veke, så er der jo gloser og så får vi= ein sånn liten test der vi skal skrive det engelske eller det norske ordet.

I: OK. Men då trur eg vi er ferdige. (25.55)



## ID 02 (m)

I: Då har eg lyst til at du berre skal seie litt først kva du synest om engelskfaget.

R: Det er jo kjekt det. Av og til er det utfordrande, men= ja, det er kjekt egentlig.

I: Du likar det?

R: Ja.

I: Viss du klarer å tenke tilbake til då du begynte å lære engelsk. Hugsar du korleis det var og kor tid det var?

R: Eg starta jo å lære engelsk i første klasse, for eg kunne ingenting før det. Men korleis det var, det huskar eg ikkje, faktisk.

I: Hugsar du om du likte det, eller om du syntest det var vanskeleg?

R: Eh= Nei, det hugsar eg ikkje.

I: Viss du skal seie noko om andre elevar og ikkje berre deg sjølv, har du inntrykk av at engelsk er eit populært fag?

R: Ja, det ser ut som at alle saman har det kjekt i engelsktimane, og det er ingen som kjedar seg eller noko sånt. Det virkar som at folk har-- At folk likar engelsk.

I: Er det nokon forskjell på gutar og jenter, trur du?

R: Eh, eg trur nok kanskje jenter likar betre engelsk enn gutar, men= altså, jenter er jo= kanskje litt gladare i skule sånn generelt enn det gutar er. Men viss det for eksempel er nokon som spelar dataspel så snakkar dei ofte engelsk til folk på andre sida av internett så kanskje dei også likar engelsk då, dei gutane for eksempel. (01.40)

I: Er det nokon deler av engelskfaget du vil seie at du meistrar godt?

R: Eg er ganske god til å !snakke engelsk har eg høyrte. Eg snakkar ganske flytande engelsk=, har eg høyrte at folk seier, då.

I: Er du ikkje einig?

R: Eh=, eg=, eg synest eg er flink til å snakke engelsk eg, men korleis eg høyrte ut når andre folk høyrer på meg, det veit eg ikkje.

I: Men du likar det? Du synest det er kjekt å snakke engelsk?

R: Ja, eg synest det er veldig gøy å snakke engelsk.

I: er det noko du synest er vanskeleg då?

R: Grammatikk, det synest eg er vanskeleg. Å hugse på alt, alle reglar og sånt, det er verken gøy eller enkelt.

I: Er det mest når du skal skrive, eller tenker du på det når du skal snakke og?

R: Det er vel mest når eg skal skrive.

I: Det blir for mykje å hugse på?

R: Ja.

I: Kan eg spørje deg kva slags karakter du har i engelsk? Kva du ligg på no?

R: Eg har 4 i skriftleg og 5 i munnleg.

I: Er du interessert i å bli flinkare?

R: Eh= Eg har lyst til å bli flinkare skriftleg, men eg synest eg klarer meg ganske godt munnleg.

I: Viss du skal bli flinkare i engelsk, veit du sjølv kva du må gjere for å bli det?

R: Eg= må få meir kjøt på beina i tekstane mine, for eksempel, og så er eg nøydd til å vere flinkare til å finpusse på tekstane mine, for= eg slurvar litt med retting og sånn, og det er vel der den store forskjellen ligg, tenker eg.

I: Men når de skriv tekstar, leverer du inn og får karakter med ein gong, eller får du noko tilbakemelding, slik at du kan jobbe meir med den før du får karakter?

R: Det varierer litt. Når= vi hadde studentar som var her, då skreiv vi ein tekst, så fekk vi den tilbake og skulle finpusse på den på slutten. Men elles så har vi berre fått ein karakter etter at vi har levert inn.

I: Men får du noko tilbakemelding i tillegg til karakteren då?

R: Ja, det står på ein sånn lapp.

I: Går det på innhald, eller går det også på språket, kva du bør jobbe meir med, eller?

R: Eg får jo råd om kva slags grammatikktype eg må jobbe med og sånn. Det er jo-- I alle språk er eg ganske dårleg på det med stor bokstav, fordi eg hoppar ofte over det. Så eg får sånne råd, då. (04.40)

I: Har de noko fokus på det å skrive i ulike sjangrar når de skriv på engelsk?

R: Ja, vi får ofte utdelt oppgåver, og då kan vi velje mellom dei. Men det er ikkje alltid same type oppgåve kvar gong vi skal skrive tekst viss du skjønar.

I: Mhm. Brukar du noko av det du har lært i norsk, om sjangrar, når du skal skrive engelsk?

R: Eh=, altså, vi lærer meir om sjangrar i norsk enn det vi lærer i engelsk, så sjangertypane eg har lært i norsk, det brukar eg i engelsk.

I: Har du høyrtdet læringsstrategi?

R: Det har eg høyrtdet før, ja.

I: Veit du kva det er for noko?

R: Ja, det er korleis man skal lære seg ting, for eksempel du kan=, eit tankekart det er ein læringsstrategi, tospalte er ein læringsstrategi. Det er korleis du skal !lære deg den tingen då.

I: Har de hatt noko fokus på læringsstrategiar som handlar spesielt om det å lære seg !språk?

R: Eh= Nei, ikkje noko særleg. Vi har jo gått gjennom glosar og sånn, men det har ikkje vore sånn særleg fokus på det.

I: Når du jobbar med engelsk, kva slags måtar likar du å jobbe på då, viss du får velje sjølv?

R: Eg likar å vere munnleg, fordi det er det eg er flink i . Eg likar å samarbeide med andre, og snakke om ting og tang. Eg er ikkje så glad i å sitte og skrive i boka XXX Eg er ein sånn som likar å snakke.

I: Viss du kjem opp i munnleg engelsk til eksamen, skal du vere åleine då, eller skal de vere par?

R: Eg har lyst til å vere åleine.

I: Då har du lyst til å vere åleine?

R: Ja, eg vil vere åleine.

I: Fordi?

R: Fordi=, altså=, eg likar godt å arbeide saman med andre, men det er-- Altså, det kan jo hende, det er ikkje sikkert då, men eg trur at viss den andre gjer det verre enn meg, så an det gå ut over min karakter. Er det sånn?

I: Det !skal ikkje vere sånn, men ein kan oppleve det sånn kanskje, viss--

R: Ja, eg føler meg sikrare då, viss eg er åleine.

I: Då har du regien sjølv?

R: Ja, då har eg kontroll.

I: Brukar de å ha munnlege presentasjonar i klassa?

R: Ja, det brukar vi. Då lagar vi sånne datapresentasjonar og så presenterer vi framfor klassa.

I: Brukar du manus då?

R: Av og til, viss eg gidd å lage det, men vanlegvis så= skriv eg berre sånne stikkord og så= hugsar eg ut frå dei. (07.30)

I: Trur du ikkje egentleg at det er betre enn å skrive eit fullstendig manus?

R: Jo, du= blir meir sjølvstendig og du lærer deg tinga betre enn at du har manus. Då kan du berre lese frå manus, liksom.

I: Kva slags heimearbeid er det forventa at du gjer= i engelsk?

R: Det er forventa at eg skal gjere lekser, og jobbe med presentasjonar og tekstar når vi har det. (07.57)

I: Kva slags lekse brukar de å ha?

R: Då brukar vi ofte å få lese ein tekst, og så gjere oppgåver til den teksten. Det er oftast det vi har i lekse.

I: Har de arbeidsplan for to veker, eller?

R: Nei, for ei veke.

((Her fekk vi servert kaffi))

I: Kven bestemmer kva slags heimearbeid de har i engelsk?

R: Det er vel læraren vår, det.

I: Får de vere med å meine noko om det?

R: Eh=, nei, eg trur ikkje det. Ikkje som eg har lagt merke til i alle fall.

I: Det er ho som er sjefen?

R: Ja.

I: Snakkar læraren engelsk i engelsktimane?

R: Ja, med mindre det er sånne beskjedar som er om andre ting, då snakkar ho norsk. Men ho snakkar engelsk når ho skal undervise oss.

I: Gjeld det viss det er grammatikkundervisning og?

R: Ja.

I: Elevane då? Snakkar de engelsk?

R: Ja, vi snakkar engelsk heile tida, med mindre det er såne skikkelige vanskelige ting som vi ikkje hugsar på. Eller viss det er noko vi skal fortelje, så snakkar vi norsk av og til, men vi snakkar engelsk så ofte som vi kan.

I: Men sidan du seier at det er læraren som bestemmer, så betyr det at de eigentleg ikkje har noko innverknad på arbeidsplanen dykkar i faget?

R: Jo, vi har ikkje innverknad på kva vi får i lekse og sånn, men ho spør oss om= for eksempel kva kapittel vi vil gå gjennom, og korleis vi vil gå gjennom det, og såne ting. Så vi får vere med å bestemme på den måten.

I: Er det nokre val på arbeidsplanen, for eksempel val mellom ulike tekstar?

R: Når vi skal skrive tekstar er det oftast fire å velje mellom, og så skriv du den du har lyst å velje.

I: I alle fag er det ein læreplan med læringsmål. Er du bevisst på kva som er måla i engelskfaget, kva de skal lære?

R: Det blir jo skrive på kvar vekeplan då, men eg les ikkje veldig masse på den planen, og ho seier aldri kva læringsplanen er, så det er eg ikkje bevisst på.

I: Brukar de å skrive logg eller eigenvurdering i engelsk?

R: Av og til på prøver, på den siste oppgåva, så skal vi vurdere korleis vi lærte og kva vi syns om kapitlet og masse sånt, og så av og til på tekstar skal vi skrive vi logg om korleis vi gjorde det og kva vi skreiv til den og den dagen og såne ting.

I: Når de skal ha utviklingssamtale med foreldra, får de heim noko skriftleg før det?

R: Vi får eit papir med kva det kjem til å bli snakka om, og så kan vi snakke med foreldra våre før samtalen.

I: Men du får ikkje vite korleis du ligg an i faga i forhold til måloppnåing?

R: Nei, det får vi vite på samtalen.

I: Men skriv de noko vurdering der de får vurdere undervisninga? A de vurderer !den på nokon måte?

R: Ja, ho brukar å spørje oss kva vi synest er bra og kva som er dårleg i undervisninga. Men det er ikkje på foreldresamtalen, det er heller på elevsamtalen når vi er åleine.

I: Kjenneteikn på måloppnåing, er det eit begrep du har høyrte før?

R: Eh=, nei=

I: Kanskje de kallar det-- At kva må til for å [høg] måloppnåing, middels måloppnåing--

R: [Åh ja,] det har vi fått høyrte ein del gonger. Og spesielt no nå det nærmar seg eksamen, vi har fått utskrift etter utskrift etter utskrift, mange gonger.

I: Men når de skal ha-- No sa jo du at de har munnlege presentasjonar, og de har skriftlege tekstar av og til. Får de noko oversikt før den munnlege presentasjonen for eksempel, der det står kva som skal til for at du skal få--

R: Bra karakter? Ja, det brukar å stå på det arket der vi får velje oppgåvene, kva som må til for å få høg måloppnåing.

I: Ser du noko på det når du førebur deg?

R: Eg brukar å sjå på det etter at eg er ferdig å skrive, kva eg må finpusse på og sånn, for å få høg måloppnåing. Av og til brukar eg å sjå på før også, før eg startar. (13.15)

I: Diskuterer de, du seier jo at de får vere med å bestemme kva kapittel de skal jobbe med og sånn, diskuterer de noko med læraren korleis de jobbar med faget? Kva slags aktivitetar ein skal gjere.

R: Det brukar vi å gjere på elevsamtalane, korleis vi vil at undervisninga skal vere og sånn. Og så tek vi det av og til munnleg i klassa.

I: Får du nok utfordringar? Du seier at du ligg på 4 skriftleg og 5 munnleg, synest du at du har noko å strekke deg etter?

R: Eg synest eg har noko å strekke meg etter, i alle fall skriftleg, men eg har ikkje fått noko konkret beskjed om kva eg kan forbetre meg i munnleg.

I: Du opplever jo at du er flink å snakke engelsk, der har du 5. Har du fått noko rettleiing i forhold til kva som skal til for at du kan få ein seksar?

R: Nei, det har eg ikkje fått.

I: Det bør du kanskje etterlyse?

R: Ja.

I: Tenker du at det er mogleg? Er det det som er målet ditt, eller er du nøgd med ein femmar?

R: Eg er nøgd med ein femmar, men viss eg ligg rett under seksarkravet så hadde jo målet mitt vore å få ein seksar, men eg veit ikkje kvar eg ligg på femmarskalaen.

I: Kanskje du skal spørje om det? Det nærmar seg jo--

R: Ja, eg trur det kan vere litt lurt.

I: Kva gjer du for å lære deg nye ord på engelsk?

R: Da=, eg lærer oftast nye ord når andre kjem med ord eg aldri har høyrte før. Og så tenker eg at å ja, dette vil eg hugse. Og så har vi masse gloser og sånn, og dei går vi ganske grundig igjennom, så då lærer eg nye ord av det.

I: Men synest du at du har eit godt ordforråd no, eller--?

R: Eh=, eg synest egentlig at eg har eit ganske enkelt ordforråd. Det er mange sånne vanskelige ord eg ikkje kan. Men eg klarer jo å snakke engelsk til en amerikanar viss eg møter på ein. Eg har ikkje det verste og ikkje det beste ordforrådet, for å seie det sånn.

I: Men då kan det jo hende at det er ein av dei tinga du kan tenke på for kanskje å klare den seksaren? Det å legge inn fleire= meir avanserte gloser.

R: Ja.

I: Viss du skal fortelje=, korleis er ein vanleg engelsktime= i klassen din?

R: OK. Då startar vi oftast med å gå gjennom lekser som vi hadde. Så har vi ofte eit eller anna tema, grammatikk eller ein tekst eller noko vi skal gå gjennom. Og så får vi lekse til neste dag, eller neste time. Det er oftast slik timane blir gjennomført.

I: Er det noko rom for variasjon, synest du?

R: Eh=

I: Eller er det eit relativt likt mønster frå gong til gong?

R: Eg synest det er ganske likt mønster egentlig, bortsett frå at vi brukar å variere på om det er tekstar eller grammatikk. Og om det er samarbeid eller individuelt arbeid, eller om det er klassearbeid, ja sånne ting.

I: Det er jo sånn at uansett om ein er flinke eller svake så har ein rett til å få opplæring som er tilpassa kvart nivå. Opplever du at alle i klassen din gjer det same? Eller er det lagt til rette for at ein kan gjere litt ulikt?

R: Eg synest det er lagt til rette slik at alle får opplæring på den måten dei treng det. Vi har f. eks. ein som= ikkje er så flink, og han har hatt spesialtimar med eigen lærar, i engelsk og i andre fag. Så vi får opplæring slik vi treng det.

I: Korleis tenker du viss ein er veldig flink då? Får ein meir utfordringar då?

R: Det har eg ikkje lagt merke til. Men eg har ikkje lagt merke til nokon som er !ekstra flinke i nokon fag heller.

I: Viss du skal gje nokre råd til engelsklærarar, for at dei skal gjere ein enda betre jobb. Kva ville du sagt då? Er det noko du tenker at dei burde gjort meir av, gjort mindre av?

R: Eh= Altså= No er eg ikkje heilt sikker då, men ut frå det !eg har høyrte så er det mange som seier at etter at dei begynte å sjå seriar og sånn-- Det er difor eg har blitt så flink til å snakke engelsk, fordi eg høyrer andre som snakkar engelsk på desse seriane, og då lærer eg å snakke slik som dei. Så kanskje ein film eller noko sånt i ny og ne hadde vore bra, det er eg ikkje sikker på, men det er i alle fall slik eg har lært å snakke engelsk.

I: Så nemnde du at de har studentar av og til. Er det stor skilnad på engelsken når studentane kjem inn, eller?

R: Nei=, altså=, den eine studenten vi hadde, ho var ikkje så flink i engelsk. Ho=, det blei ganske kjedelige engelsktimar, og du forsto lite av det ho sa, så då blei det ikkje så spennande med engelsk. Så det var vel dei kjedeligaste vekene eg har hatt engelsk i heile mitt liv...

I: Fekk ho vite det?

R: Nei, eg hadde ikkje hjerte til å seie det til ho. Men= altså, vanlegvis så er det ikkje nokon stor skilnad på kvaliteten på engelskspråket då, til lærarar og studentar, korleis dei snakkar liksom.

I: Men det er heller ikkje slik at studentar kjem med andre aktivitetar som de ikkje--

R: Altså=, slik eg merkar det så trur eg at studentar likar å vere meir praktisk= i praksis, at vi får !gjere ting i staden for å sitje og skrive. Det likar eg med studentar.

I: Men kanskje elevar generelt skal bli litt flinkare til å seie til lærarane sine, at veit du kva, no må vi faktisk variere meir?

R: Ja, eg trur at det er mange som er på ein måte litt sånn redde for kva som kan skje viss ein snakkar til læraren sin.

I: Ja, trur du det? Kva tenker ein som kan skje då?

R: Nei=, altså=, alle er jo redde for å få kjeft og sånn, men=, nei, eg er eigentleg ikkje sikker.

I: Men trur du ikkje at viss ein seier det på ein saklig måte så går det bra?

R: Jo, det går vel bra viss ein har gode argument for å seie det då.

I: No hugsar ikkje du så mykje av skjemaet ditt, sa du, men= i alle fall. Du nemnde jo dette med film, og der har du kryssa på aldri i forhold til å lage film sjølv. Når det gjeld det å sjå film på skulen er du på sjeldan. Gjer de det i andre fag?

R: Vi har sett ein del filmar i samfunnsfag, men det er kobla til-- Vi for til Polen, så vi såg ein del filmar om 2. verdskrig. Men elles så ser vi ikkje mykje film.

I: Men=, kva slags læreverk har de forresten? Kva heiter engelskboka?

R: Eh=, kva heiter den no då= Search.

I: Så det betyr at de har, no når de kanskje har begynt å tenke på munnleg eksamen etter kvart, så er det eigentleg boka som er utgangspunktet? De har ikkje lagt opp filmar eller liknande til pensum?

R: Nei, eller jo, nei, det er i norsk. Der har vi hatt ein Henrik Ibsen-film som kunne vere grunnlag for eksamen.

I: For eg er einig med deg i at film er ein viktig del av engelskfaget, så berre sei det til læraren dykkar=

I: Skal vi sjå= Låne bøker, låne engelske bøker, det har du sagt at det gjer de aldri?

R: Nei, eg er ikkje ein fan av å lese. Eg klarer ikkje å fokusere når eg les, då tenker eg alltid på andre ting, så då får eg ikkje med meg det eg les. Så eg ser ingen vits i å sitje å lese ei bok når eg ikkje får med meg kva som skjer.

I: Men !trur du det finst bøker som du kunne like å lese?

R: Det er eg nok ganske sikker på. Eg er ganske glad i krim då, krim på TV. Og så las eg litt av ei krimbok når vi hadde sånne lesetimar i norsk, men eg blei liksom så oppgitt, for boka var så stor så då gadd eg ikkje meir. Men eg fekk med meg det som skjedde då.

I: Kanskje du skal begynne på engelske krimbøker som ikkje er så tjukke då?

R: Ja.

I: Kan hende du hadde likt det då, betre enn du trur.

R: Ja.

I: Rollespel=, har du skrive sjeldan på og?

R: Vi har hatt litt, men det er ikkje sånne store. Vi har hatt litt sånn i ein time og framført. Det har vi hatt av og til.

I: .. Eg hadde ein påstand her, at i klassen min brukar vi mykje tid på engelsk grammatikk. Her var du heilt einig. Det hadde du og skrive sjølv: Eg synest at vi har altfor mykje grammatikk og mindre kjekke ting.

R: Ja.

I: Kva slags kjekke ting er det du saknar? Kva er det du kunne tenkt deg å gjort meir av?

R: Såne= Eg likar leikar, for då følger eg med, då er eg energisk liksom. I grammatikk, då sit eg med hovudet ned og kjedar meg, egentlig. Så viss vi for eksemel kunne lært grammatikk via ein leik så hadde det vore mykje kjekkare. Ein sånn morosam vri på det, på ein måte.

I: Ja, det går an det. Men eg trur ikkje de skal vere så redde for seie det til læraren altså. Synge då? Det er mykje fin musikk på engelsk.

R: Ja, synge, det er gøy.

I: Gjer de det då?

R: Vi gjer det av og til. Det står sånne songtekstar i boka, så då brukar vi å skru på og så syng vi.

I: Eg likar engelsk betre no enn eg gjorde på barneskulen. Der har du sagt delvis ueinig. Hugsar du då du gjekk frå 7. til 8. klasse, syntest du det var eit veldig hopp i vanskegrada på engelsken? Eller gjekk det greitt?

R: Eg syntest det blei masse !meir engelsk då, men det er jo fordi eg har fordjuping i engelsk også. Så eg gledde meg meir til engelsktimane i 7. enn det eg gjer no då. For no er det så masse engelsk.

I: Men kva var alternativet til å velje fordjuping i engelsk?

R: Det var enten fordjuping i engelsk eller tysk. Men eg hadde lyst på spansk, så viss eg hadde tatt tysk måtte eg nesten ha tatt det på vidaregåande også. Så då valde eg engelsk fordjuping her, og så tek eg spansk på vidaregåande.

I: Ja, den ser eg. Du har kryssa av på nokre ord; at du synest engelsk er enkelt, kjedelig, nødvendig og utfordrande.

I: Det at du seier at det er !både enkelt og kjedelig, då tenkjer eg på det eg sa tidlegare, at det kan hende at du burde hatt litt meir utfordringar?

R: Ja

I: Sånn at du fekk strekke deg litt?

R: Ja, eg tenkte at det er enkelt å !snakke engelsk, det er kjedelig med grammatikk, det er nødvendig, men også veldig utfordrande med grammatikk.

I: Akkurat. .. Eg spurde deg om du kjem til å studere engelsk seinare, og det veit du jo ikkje. Men= kunne du tenkt deg å hatt ein jobb der du måtte snakke engelsk?

R: Det hadde eg ikkje hatt noko imot.

I: Det trur du hadde gått fint?

R: Ja, det trur eg faktisk berre hadde vore kjekt, egentlig.

I: Kunne du tenkt deg å studert i eit anna land då? Slik at engelsk var studiespråket?

R: Eh= Ja, egentlig.

I: Men du er ikkje der at du veit--

R: Eg veit ikkje kva framtida kjem til å gjere med meg enda.

I: Kva har du tenkt å ta på vidaregåande, då?

R: Eg satsar safe og har tatt allmenn, og så skal eg gå toppidrett.

I: Det høyrst bra ut. Er det nokre siste ord du har lyst til å seie, om engelsk?

R: Nei=, eg synest at eg har fått snakka masse, eg.

I: Det har du. Så då er du fornøgd?

R: Eg er fornøgd.



## ID 03 (m)

I: Kan du seie litt om kva du synest om engelsk? Engelskfaget?

R: Det er ganske kjekt til stunder, men nokre gonger så er det-- Eg har ikkje vanskar med å lære nye ting innanfor faget, men det er sånn at nokre – Altså=, du kan jo-- Eg har jo vakse opp med engelsk heile skuletida, så= Ja, det går i grunnen ganske greitt no, då. Det er noko når vi begynner med sånn= notid og fortid og sånne ting, og= bøyning og sånn, spesielle bøyingar, så er det litt vanskelegare. Men= det går i grunnen ganske greitt.

I: Men likar du faget, samanlikna med andre fag?

R: Samanlikna med andre fag så er det sånn litt over treet, kan man seie. (= midt på treet?)

I: Klarer du å hugse tilbake til då du skulle begynne å lære engelsk? Korleis du syntest det var då, på barneskulen?

R: Det er nesten-- Ja, det er ganske vanskeleg. Eg hugsar vi hadde ein song som-- I like the flowers, I like the daffodils--

I: Ja, ikkje sant? Men det var ikkje sånn at du kan hugse at det var forferdeleg, eller [vanskeleg?]

R: [Nei] eg trur det gjekk ganske greitt.

I: Viss du tenker på dei andre elevane, dei du kjenner, har du inntrykk av at engelsk er eit populært fag, eller er det eit fag som mange mislikar?

R: Altså, i vår klasse så er det sånn at-- Vi får lov til å setje oss saman i grupper av og til og snakke engelsk, og det er jo sånn at nokre gonger snakkar vi engelsk, og så andre gonger så sporar vi litt av. Men når vi-- Det blir ofte ganske bra samtalar av at vi berre sit og snakkar engelsk. Det treng ikkje å vere noko spesielt tema vi treng å snakke om, men berre sitte og snakke. Det funka ganske bra, av og til så blir det veldig morosamt og.

I: Er det sånn at dei fleste deltek, då?

R: Ja. Det er nokre som er litt beskjedne, då, i klassa, men eg trur det er sånn i dei fleste klasser. Det er jo også ofte sånn då at viss nokon kjem med ein talefeil eller noko, så begynner jo folk å le då., så det-- Ja.

I: Viss du skal seie kva du er flink til å engelsk, kva er det?

R: @ Det er litt vanskeleg å seie.

I: Munnleg? Skriftleg?

R: Eg har femmar i begge greiene, då, så.. Eg trur det går ganske bra. Eg kunne tilnærme meg en seksar i munnleg, så -- Ja.

I: Får du vite noko om det=, litt sånn konkret om kva du må gjere for å kunne få ein seksar?

R: På prøvemunnleg så var det sånn då at eg snakka= lite grann for fort , og= eg tok meg ikkje tid til å formulere setningane så det høyrest best mogleg ut kan du seie.

I: Håpar du å komme opp i engelsk munnleg?

R: Ja, eg trur det. Eg trur det kjem til å gå bra.

I: Du tenker at då skal du kunne klare ein seksar?

R: Nja, det-- Eg håpar jo på det.

I: Har du høyrte om læringsstrategiar? Veit du kva det er?

R: Ja, det er vel sånn-- Korleis ein lærer best mogleg, og= ja, korleis ein gjer leksene sine.

I: Har du fått vite noko på skulen om læringsstrategiar som handlar spesielt om å lære *språk*?

R: Nei. Eg veit ikkje heilt kva det vil seie då.

I: Nei=, eg tenker på tips til kva gjer ein for å bli flinkare i eit anna språk. Eller føler du at det er meir sånt som du må finne ut sjølv?

R: Det trur eg er noko som vi berre= lærer av oss sjølve. Eg veit ikkje kva, eigentleg.

I: Det er ikkje noko som de har jobba spesielt med?

R: Nei=, ikkje som eg hugsar i alle fall.

I: Kva slags heimearbeid forventar skulen at du gjer= i engelsk?

R: Oppgåver. Av og til så har vi gloseprøver. Det er veldig lenge sidan vi har hatt det no, men bøyingsprøver= og grammatikk.

I: Har alle i klassa di same lekser i engelsk?

R: Ja. Det er jo nokre få då, som, trur eg, får ekstra plan då, men --

I: Er det fordi dei=, at engelsk er vanskeleg for dei?

R: Ja, eg trur det. (04.06)

I: Men no høyrer du jo ut som om du= ligg rimeleg godt an når du ligg på ein femmar.

R: Ja.

I: Er det sånn at du føler at du har noko å strekke deg etter, eller blir det litt for enkelt?

R: Nei, det blir ikkje for enkelt, det blir akkurat passe. Det er akkurat slik at det ikkje blir for masse eller for lite.

I: Snakkar læraren engelsk i engelsktimane?

R: Ja.

I: Elevane då?

R: Eh= Av og til. Læraren seier speak English når vi svarar på norsk, så då-- Av og til så er det slik at han seier at viss det blir for vanskeleg å snakke på engelsk så tar vi det på norsk, men --

I: Viss= læraren skal undervise i grammatikk, snakkar han engelsk då og?

R: Nei, då trur eg at for å gjere det lettare for oss så trur eg at han snakkar norsk då. Og så samanliknar han kanskje litt med norsk og.

I: I alle fag så har de jo nokre læringsmål, kva de skal lære i faget. Veit du noko om læringsmåla i engelsk?

R: Eh= Vi får jo planar, men dei ligg jo på CLG, eller på nettet då, eg har ikkje sjekka dei no, foreløpig. Men-- Nei, eg veit eigentleg ikkje noko som helst om kva som er læringsmåla. Eller så er det det at eg ikkje har fått det med meg.

I: Har du skrive noko eigenvurdering= i engelsk, der du har vurdert deg sjølv, korleis du ligg an? Kva du kan og ikkje?

R: Nei, det trur eg at eg tar i hovudet, altså.

I: Men når de skal ha utviklingssamtale med foreldra, får de heim noko frå skulen på førehand, noko skriftleg om korleis de ligg an i faga då?

R: Nei, då får vi heim eit skjema og så snakkar vi sjølve med foreldra om korleis vi føler vi ligg an og sånn, og så kan vi eventuelt skrive inn det= på dei forskjellige sakene, og ja-- Så kjem vi på foreldremøte og så snakkar vi om alle dei forskjellige faga og sånn. (06.16)

I: Ja, men det er ikkje sånn, det er ikkje noko system på at du svarer på spørsmål i forhold til faga, både i forhold til korleis undervisninga er og korleis du gjer det?

R: På samtala så er det det, trur eg, altså, eg har jo ikkje så masse sånn forskjellige ting å klage på i grunnen, fordi= eg ligg greitt an, så-- Men det er jo sånn at du får spørsmål om forskjellige ting og korleis du føler at det går og sånn, ja så du kan ta opp ting og.

I: De har jo heilt sikkert munnlege presentasjonar i engelsk, og de har skriftlege tekstar.

R: Ja.

I: Får de noko sånt som kjenneteikn på måloppnåing, kva som skal til for å få høg eller middels?

R: Ja, eller det er eit sånt skjema som læraren har då. Der trur eg uttale er ein av dei, og innhald, og så er det om ein laisriv seg frå manus eller eit eller anna sånt, kor fri du er og sånn, når du snakkar. Så er det jo låg og middels og høg måloppnåing, men det står ikkje noko på kvar måloppnåing. Då må du bort på eit anna ark som er litt større.

I: Men det vil seie at du har ein del informasjon [viss du vil], om kva som skal til?

R: [Viss eg vil, ja] Ja.

I: Får de vere med å bestemme sjølve, kva som blir vurdert, for eksempel viss de skal ha ei munnleg framføring? Eller er det læraren som bestemmer det?

R: Det trur eg er læraren som bestemmer. Altså= av og til etter presentasjonar, er det sånn at vi får lov til å gje kommentarar på kva vi syntest var bra då, og kva som var dårleg, til den som hadde presentasjonen.

I: Når du har skriftlege tekstar, er det sånn at du leverer inn en tekst og får karakter, eller får du noko respons sånn at du jobbar meir før du får karakter?

R: Eg leverer inn teksten, og så retta dei alle feila=, eller dei berre fargar dei, og så skal vi sjølve finne ut kva som er feil, og så skriv han under kva som er bra og kva som er dårleg og-- Ja.

I: Men får du karakter då?

R: Ja, eg får karakter då, ja.

I: Så du må ikkje rette det han har markert og så levere inn igjen på nytt og få karakter?

R: Nei, nei, nei!

I: Kva gjer du for å lære deg nye ord på engelsk?

R: Eg skriv dei ned, og så les eg over dei eit par gonger, og så= set vi oss to og to og les til kvarandre og spør kvarandre kva det og det ordet er på norsk og engelsk.

I: Korleis synest du at ordforrådet ditt er på engelsk, då?

R: Det er greitt, men eg treng å jobbe litt meir med det. Det er vel ein av dei tinga som eg kan jobbe litt meir med.

I: Viss du skal beskrive ein vanleg=, gjennomsnittleg engelsktime i klassa di, korleis er den? Kva gjer de?

R: Snakkar litt engelsk, gjer litt oppgåver, les gjennom ein tekst, les opp gloser i starten av teksten, før vi les gjennom teksten. Eh= Ja, det er vel det. Og så, veit ikkje om eg har gløymt noko no.

I: Brukar de å få velje= aktivitetar, eller føler du at det på ein måte er litt fast korleis dei timane er?

R: Det er ikkje så fast, det er vel det at-- Vi har noko som heiter work with words og så har vi exercises. Altså=, du kan velje å lese den teksten ein gong, og når du er ferdig med det så kan du= jobbe litt med ord frå teksten. Og viss du har gjort det, så kan du kanskje jobbe med ein annan person, med teksten, eller så kan du jobbe med oppgåver sjølv, så det er litt fritt. Av og til så må vi jobbe litt meir etter skjema.

I: Får de velje ulike tekstar, eller er det sånn at klassa stort sett les det same?

R: Vi les det same.

I: Les du nokre engelske bøker som ikkje har med skulen å gjere, fordi du har lyst? (10.05)

R: Nei, det er vel meir sånn viss eg spelar dataspel eller eitt eller anna.

I: Då får du litt engelsk der?

R: Ja, då får eg litt engelsk den vegen, og frå tv.

I: Viss du skulle gje nokre råd til lærarar som underviser i engelsk, for at timane skulle bli betre?

R: Nei, vi har veldig gode engelsklærarar då, så eg er godt fornøgd @

I: Så bra! @

R: Men, nei, egentleg ikkje.

I: Har du inntrykk av at det er skilnad på gutar og jenter i forhold til engelsk? Både om ein likar det og kor flinke ein er?

R: Nei, eg trur det er ganske-- Nei, det er ganske likt.

I: Eg= tenkte vi skulle sjå litt på det du har svart. Det hugsar du kanskje ikkje så mykje av no?

R: Nei, det kan godt hende eg har forandra meining og @

I: Ja, det kan godt hende @. Du nemner jo det at du kanskje har tenkt å studere i utlandet seinare. Tenker du at det kunne vere-- At det ville du fikse i forhold til det engelske språket?

R: Ja, no skal eg jo ha tre år på vidaregåande og då, så det trur eg hadde gått greitt.

I: Ser du for deg at kunne hatt ein jobb der du måtte ha engelsk som arbeidsspråk?

R: Eg hadde no blitt meir vant til det etter kvart då, så--

I: Men du tenker ikkje at det= ville vere krise?

R: Nei, det ville ikkje vere krise. Det er aldri krise @

I: Er du ein generelt optimistisk person?

R: Ja, ganske. Av og til. Av og til kan eg vere skikkeleg krisemaksimerar og då.

I: Her var nokre ord som du skulle krysse ut, kva du meinte som passa på engelsk. Og då valde du morosamt og nødvendig. Då tenker eg at-- Du har ikkje valt verken enkelt eller vanskeleg. Betyr det at du føler at du er på eit nivå som passar deg? (12.10)

R: Eg er på eit nivå som passar, og det-- Ingenting skal vere for enkelt i engelsk. Altså=, er det noko som er for enkelt, så må du gjere det litt vanskelegare for deg sjølv.

I: Ser du for deg at du ha nokon sjanse til å få seks i skriftleg engelsk? Veit du kva du må gjere då, for å klare det eventuelt?

R: Eh=, det er nok å få litt meir flyt i det eg skriv, og litt meir variert språk, trur eg. Så--

I: Men pr. i dag så er du fornøgd sånn som det er no?

R: Ja, det er eg.

I: Du skriv, du har kryssa av for at du likar engelskfaget betre no enn du gjorde på barneskulen. Men klarer du å hugse-- For veldig mange elevar så er det sånn at frå 7. til 8. så blir det eit veldig «hopp» i vanskegrada når dei begynner på ungdomsskulen. Klarer du å hugse det?

R: Eg trur ikkje eg syntest det var sånn veldig hopp. Eg trur det gjekk ganske greitt. Eg trur vanskegrada steig ganske greitt frå 7. til 8. til 9. til 10.

I: Så det har gått sånn gradvis heile vegen?

R: Ja.

I: Noko anna du har lyst til å seie, noko som har med engelskfaget å gjere som du tenker at du vil kommentere?

R: Nei, egentleg ikkje.

I: Du er godt fornøgd?

R: Ja.

I: Du sa jo det at du synest du har ein flink engelsklærer. Kan du komme med noko eksempel på !kvifor du synest vedkommande er flink i engelsk?

R: Han snakkar på-- Altså, han gjer ikkje noko feil, det er berre det. Han snakkar engelsk når vi har engelsktime, og når vi då skal= lære noko nytt som er litt vanskelig å få med seg på engelsk, så snakkar han på norsk og så forklarar han det. Så samanliknar han litt forskjellig, viss vi for eksempel skal ha om verbbøying, så samanliknar han med norsk og sånn og det er jo-- Ja.

I: Så du synest han meistrar språket godt sjølv?

R: Ja.

I: Eit godt eksempel for dykk?

R: Ja.

I: Eg såg at du har kryssa på at de gjer ikkje så ofte= ting som for eksempel rollespel, film-- Litt sånn !andre måtar å lære engelsk på.

R: Rollespel, det veit eg, det har vi [hatt ein gong].

I: [Det har de hatt].

R: Det var Romeo og Juliet. Eg veit ikkje om eg har kryssa feil, eller--

I: Neida, men du har kryssa på at de gjer det av og til.

R: Ja, av og til.

I: Betyr det at du er fornøgd med denne «variasjonsbiten» i faget? Det er ikkje noko spesielt du saknar, som du har lyst at de skal gjere meir?

R: Det einaste, frå mi side då, er sånn drama og sånne ting, det er jo litt kjekt.

I: Du likar å dramatisere?

R: Ja, av og til, så lenge det ikkje blir for vanskeleg.

I: OK, då stoppar vi.

R: Kult!

((Intervjuet blei dessverre noko prega av hastverk pga. at informanten blei innkalla til tannlegen))

## **ID 04 (f)**

I: Kan du seie litt først om kva du synest om engelskfaget?

R: Det er favorittfaget mitt. Eg synest det er -- Eg veit at eg !kan snakke engelsk, så eg er komfortabel med det. Det gjer at eg er veldig= glad i det.

I: Har det alltid vore sånn?

R: Eigentleg, ja.

I: Hugsar du korleis det var når du begynte på barneskulen, med engelsk?

R: Nei=, ikkje egentleg. Eg hugsar egentleg berre at vi lærte namna på dyr og sånne ting, men eg hugsar ikkje noko meir enn det.

I: Men hugsar du om du likte det, då og?

R: Ja, eg har alltid likt det.

I: Ja, bra. Viss du tenker på andre elevar som du kjenner, har du inntrykk av at engelsk er eit populært fag, eller er det eit fag som mange mislikar?

R: Eg trur det er mange som likar det fordi det er så -- Det er jo kjekt å lære eit nytt språk og sidan mesteparten av folk ser på engelske seriar og filmar og sånt, så trur eg at folk likar det veldig godt.

I: Viss du skal seie noko om kva du er flink til i engelsk, her er det då lov til å skryte av seg sjølv @ Kva får du godt til? (01.09)

R: Læraren seier at eg har eit veldig godt ordforråd, og så veit eg at eg har ganske god uttale. Så--

I: Skriftleg, då? Korleis er det der?

R: Det går veldig bra der og. Eg har seksar der og.

I: Du har seksar i begge?

R: Mm.

I: Ja. Har du hatt heile vegen på ungdomsskulen, eller?

R: Ja.

I: Men korleis er det i forhold til det å då ha noko å strekke seg etter? Føler du at du klarer å ha fokus på det å bli flinkare sjølv om du har høgaste karakteren?

R: Ja=, altså, ein kan jo alltid få til noko meir, liksom, så eg tenker ikkje så masse over det, men eg veit at eg kan jo bli betre, liksom.

I: Får du vite noko-- Får du konkrete tips til korleis du kan bli flinkare? Med læraren din?

R: Han seier at eg skal lese masse engelske bøker, då, men det gjer eg allereie, så--

I: Viss du får høyre ordet læringsstrategi, kva tenker du då? Har du høyrte det før?

R: Eh= ja--

I: Veit du kva det er?

R: Eg er ikkje heilt sikker.

I: Viss eg seier at det er ulike måtar å lære noko på, for vi lærer jo ulikt, ikkje sant? På forskjellige måtar. Har de fått noko hjelp på skulen til å vite korleis ein kan lære språk på ein god måte? Eller tenker du at alle i klassa di på ein måte jobbar med engelsk på same måten?

R: Ja, eg trur= det varierer litt frå nivå til nivå, men eg trur vi alle jobbar ganske likt, egentleg.

I: Er det fleire i klassa di som er så flinke i engelsk som du?

R: Det veit ikkje eg.

I: Nei? Det er ikkje noko de snakkar om?

R: Nei.

I: Men, når du= skal jobbe for å bli flinkare i engelsk, viss du tenker på kva slags lekser de har, kva slags heimearbeid er det forventa at du gjer i engelsk? (03.10)

R: Læraren har sagt at eg ikkje treng å gjere dei oppgåvene som er altfor enkle for meg. Men eg gjer, eller-- Det er litt sånn skriftleg, litt sånn grammatikk og sånn, men noko er ganske enkelt eigentleg. Så det--

I: Men har alle i klassa di i utgangspunktet same lekse?

R: Ja.

I: Du får ikkje noko anna? Du kan velje vekk det enkle, men får du noko anna i staden? Sånn at *du* har noko å strekke deg etter?

R: Nei, det får eg ikkje.

I: Ville du gjerne hatt det?

R: Ja.

I: Men det er ikkje noko de har snakka om?

R: Nei. (03.46)

I: Når du har utviklingssamtale, det har du heilt sikkert hatt, er engelsk noko spesielt tema då?

R: Nei, vi er berre så vidt innom det. Eg får skryt for engelsken min, og så er det vidare til det neste faget.

I: Har du—Har de noko system for å skrive noko eigenvurdering i engelsk, der de vurderer dykk sjølve?

R: Vi har hatt det på nokre oppgåver der vi skriv litt korleis vi lærer engelsk og kva vi synest om læremåten vår, men ikkje noko anna enn det.

I: Snakkar læraren engelsk i engelsktimane?

R: Ja, heile engelsktimane.

I: Elevane, då?

R: Ja, vi må svare på engelsk, og spørje om ting på engelsk.

I: Når det er undervisning som går på grammatikk og sånne ting, snakkar han engelsk då og?

R: Ja. Eller, ikkje *heile* tida, men mesteparten.

I: Kor tid opplever du at han synest det er nødvendig å snakke norsk, då?

R: Nei, det er viss vi har noko vanskeleg grammatisk, men ikkje viss det er sånn= bøyning av verb og sånne ting, liksom.

I: Men det er når ein skal sikre seg at alle forstår?

R: Ja.

I: I engelsk, sånn som i andre fag, så har de læringsmål. Det er nokre ting de skal kunne. Veit du noko om kva det er, kva de skal kunne i faget?

R: Nei, eg er ikkje heilt sikker, eigentleg.

I: Får de vere med å bestemme sjølve, noko av det de skal lære? Korleis de skal jobbe?

R: Det trur eg eigentleg ikkje. Eg trur det er ganske godt sett opp, kva vi skal gjennom og sånn



I: Har du inntrykk av=, de er jo to tiandeklasser, med to engelsklærarar, har de same arbeidsplan?

R: Eg trur det står det same på planen, men eg trur lærarane er veldig forskjellige, kva dei kan og sånn, fordi dei i den andre klassa har sagt at av og til så må elevane rette på læraren, så, ja, det er litt forskjellig der. (05.59)

I: Men trur du at timane er lagt opp på same måte, eller trur du at de gjer veldig forskjellige ting?

R: Eg trur vi gjer litt forskjellige ting, men eg trur det er ganske likt og så er det ganske ulikt på same tid @

I: Ein har på ein måte same planen, men så gjer ein det [på ulike måtar?]

R: [Ja.]

I: Kjenneteikn på måloppnåing, veit du kva det er? Har du høyrte ordet?

R: Måloppnåing?

I: Ja?

R: Ja.

I: Viss de har munnlege presentasjonar, det har de av og til, får de noko oppsett som viser kva som skal til for å komme på høg eller middels?

R: Ja, det gjer vi.

I: Korleis er det laga? Korleis ser det ut?

R: Nei, det er ein tabellaktig ting der det står låg, middels og høg, og så står det punktvis kva som må til for å nå dei måla då. (06.54)

I: Brukar du den tabellen når du skal førebu deg til noko?

R: Ja, eg les på høg måloppnåing, og så ser eg kva som må til og så gjer eg det.

I: Det er der du har sett målet ditt?

R: Ja.

I: Får de noko liknande når de skal skrive tekstar?

R: Ja, det gjer vi.

I: Når du får tilbake ein tekst som du har skrive, får du noko tilbakemelding eller respons på kva du skal jobbe meir med?

R: Ja.

I: Korleis er det, korleis blir det gitt?

R: Det er på same ark då, eller vi har levert inn og så får vi det tilbake og då står det under teksten vår= ein kommentar og så står det karakteren.

I: Så du får karakter? Så du tar det ikkje inn igjen og jobbar meir med det før du får karakter?

R: Nei.

I: Diskuterer de, du nemnde jo litt dette at læraren bestemmer kva de skal gjere, men diskuterer de noko av innhaldet? Får de velje tekstar sjølve for eksempel, av og til, eller les de det same?

R: Ikkje i engelsk, men i norsk så får vi bestemme litt meir.

I: Du nemnde jo at du les mykje= som ikkje har med skulen å gjere, kva les du då?

R: Eg les-- Eg er veldig glad i å lese, så eg les masse bøker, eigentleg. Eg= las masse norske bøker på barneskulen, men så, frå 8.har eg begynt å lese engelske bøker, og då les eg *Twilight*, eller *The Hunger Games*, eller ja=, sånne fantasy-ish bøker.

I: Trur du det gjer deg flinkare å skrive?

R: Det trur eg.

I: Kvifor det?

R: Fordi då får eg med mange-- Det forstørrar ordforrådet mitt og, ja-- Det rett og slett gjer at eg får ein mykje betre måte å skrive på eigentleg, generelt.

I: Kva gjer du for å lære deg nye ord på engelsk?

R: Eg ser på tv @

I: @ Og les?

R: Ja, og les.

I: Korleis synest du ordforrådet ditt er då, på engelsk?

R: Eg synest det er bra, eigentleg. Det er ofte eg som blir spurt i klassa om--, frå andre medelevar, om kva betyr dette eller kan du seie eit bra engelsk ord for dette ordet og sånne ting.

I: Kan du tenke deg i framtida at du skal ha ein jobb der du brukar engelsk til noko?

R: Eg har veldig lyst til å jobbe med dans i USA, så då må eg nesten snakke engelsk @. Så, ja-- (09.28)

I: Du tenker ikkje at det er eit problem, å ha engelsk som eit arbeidsspråk?

R: Nei, absolutt ikkje.

I: Viss du tenker på ein vanleg engelsktime, eg veit ikkje om du opplever at engelsktimane dykkar føl litt= ein fast mal eller om dei varierer veldig i korleis dei er. Men viss du skal prøve å beskrive ein typisk engelsktime; kva skjer då?

R: Først så høyrer vi gjennom teksten som vi har den timen, og så går vi i lag to og to og les den teksten til kvarandre etterpå. Eller først-- Før vi begynner med alt så går vi gjennom glosene, og så, etter det, så pratar vi om teksten= på engelsk. Etter det igjen, så begynner vi å jobbe med skriftlege oppgåver.

I: Men då og er det slik at i utgangspunktet så er det same oppgåver for alle?

R: Ja.

I: Har du inntrykk av at det går bra for dei elevane som er på lågt nivå?

R: Ja, no har ikkje eg snakka med så mange som ikkje har så god karakter i engelsk, men eg trur= det er ganske enkle oppgåver, så eg vil tru at det går fint.

I: Viss du skulle gje nokre råd til lærarar som underviser i engelsk for at ting skulle bli enda betre, er det noko du saknar, er det noko du tenker ein kunne gjort meir, eller gjort annleis?

R: Det kunne kanskje ha vore betre viss oppgåvene hadde hatt forskjellig nivå, fordi at nokre oppgåver er sjølvstøtt ganske krevjande, og då er det jo ganske dumt for dei som ikkje har så god karakter og ikkje er sånn superflinke i engelsk, mens andre som er ganske flinke i engelsk synest det kanskje er litt lett. Så eg synest det burde ha vore= forskjellige oppgåver.

I: At ein kunne ha delt det litt meir i nivå?

R: Ja.

I: Men har du inntrykk av at læraren veit-- At han kjenner dykk slik at han veit kor kvar av dykk ligg i nivå?

R: Ja, det trur eg han veit veldig godt.

I: Når de får desse råda på skriftlege tekstar, eller tilbakemeldingane, då får du sjølvsagt noko på kva som er bra og eventuelt mindre bra med den teksten, men synest du at du får noko råd i forhold til skrivinga di seinare, kva du skal ta tak i for å bli flinkare?

R: Nei, egentleg så trur eg ikkje eg har fått noko sånn spesiell tilbakemelding på det. Eg trur det er berre=, nei, det pleier ofte berre å stå at eg har eit supert ordforråd og at det er berre å fortsette sånn, liksom. (12.11)

I: Viss vi ser på skjemaet ditt, ((leitar fram papir)) Du skriv jo det at du opplever at engelskundervisninga blir litt for lett, og at du ikkje blir nok utfordra. Kva slags utfordringar er det du kunne tenkt deg å få?

R: Gjerne litt vanskelegare tekstar som du må konsentrere deg litt meir for å skjønne, kanskje veldig-- Litt vanskelegare ord som ein må pugge på for vite kva dei betyr og sånn. Og så-- Ja.

I: Det er i grunnen det det går på?

R: Ja.

I: Det å jobbe med engelsk på andre måtar, det har du= kryssa av for at de ikkje gjer veldig ofte. Då tenker eg for eksempel på å lage film, rollespel/dramatisering--

R: Det er sjeldan.

I: Det er sjeldan? Kva tenker du om det? Er det ein måte å lære engelsk på?

R: Det er sikkert det for nokon, men for meg så er det ikkje så-- Det er ikkje det eg likar best.

I: Så det er ikkje noko du saknar?

R: Nei. (13.36)

I: Er det noko de gjer som du skulle ønske de ikkje gjorde, då? Noko du mislikar eller føler ikkje er= nyttig?

R: Nei, ikkje egentleg.

I: Føler du at alle i klassa di torer å snakke engelsk= i klassa?

R: Det er sjølvsagt nokre som snakkar meir enn andre, men eg trur ikkje nokon har noko særleg problem med å snakke engelsk foran folk.

I: Viss du skal ha ei munnleg framføring, brukar de å lage noko=, power point eller sånne ting i tillegg?

R R: Ja.

I: Brukar du å ha manus?

R: Ja, eg brukar å ha= sånne små kort med nokre stikkord.

I: Men klarer du å la vere å lese? Klarer du å snakke fritt viss du berre har stikkord?

R: Ja.

I: Ja, for det er jo veldig ofte at ein opplever at ein er flinkare å snakke då, enn viss ein har skrive veldig nøye kva ein vil seie.

Du hadde kryssa av på eit par ord som du synest passar på engelskfaget; du hadde valt enkelt, interessant og nødvendig. Kvifor meiner du at det er nødvendig?

R: Fordi mesteparten av folk i verda kan jo engelsk, og det er mykje lettare å-- Det er eit ganske lett språk å lære, trur eg, så--Det er jo-- For å kommunisere med andre folk så er det jo lurt å ha eit språk som alle kan.

I: Er det noko anna du har lyst til å seie om engelskfaget, som vi ikkje har vore innom? Noko du tenker på?

R: Ikkje egentleg.

I: Kunne du tenkt å deg å bli engelsklærer?

R: Nei, for eg har ikkje så lyst til å bli lærar @

I: Nei, du har heller lyst til å gjere andre ting?

R: Ja.

I: Då stoppar vi.

## ID 05 (m)

I: Kan du seie litt om kva du synest om engelskfaget?

R: Eh= engelskfaget=, det er ein sånn ting som må vere der, men= det er ikkje spesielt kjekt.

I: Nei?

R: Nei.

I: Ja, her må du være [ærleg], og seie det du meiner.

R: [Ja, ja] Jada.

I: Kvifor synest du det ikkje er kjekt?

R: Eh= .. Oppgåvene er ikkje så kjekke. Generelt, det vi gjer på skulen. Men= det er greitt å kunne engelsk.  
XXX

I: Utanfor skulen?

R: Ja, utanfor skulen.

I: Klarer du å hugse tilbake til då du begynte å lære engelsk=, på barneskulen? Om du likte det då?

R: Det var= morosamt med eit nytt fag, då. Nye, rare ord og sånt, trur eg, ja. Men-- .. Skulen var jo aldri kjekk. Det var jo nødvendig, men det var ikkje kjekt.

I: Eit nødvendig onde?

R: Ja, nødvendig under tvil @

I: Litt av det får vi håpe var nødvendig @

R: Ja.

I: Viss du tenker på folk som du kjenner, dei andre elevane, har du inntrykk av at det er mange som meiner det same som du, om engelsk? Eller er det eit populært fag?

R: Eg trur ikkje-- Vi sit ikkje i engelsktimane og gledar oss; «no skal vi ha engelsk; yes!» Det er veldig få som gjer det. Kanskje nokre, men eg trur det er veldig få. Men eg trur= folk som spelar, eller streamar filmar på nettet og sånt, som ikkje har tekst, eller snakkar med engelske folk, dei synest det er veldig greitt å kunne engelsk.

I: Er det nokon forskjell på gutar og jenter, trur du?

R: Nei=, det trur eg ikkje, eigentleg. (01.51)

I: Du har flinke og mindre flinke på begge sider?

R: Ja, på begge sider.

I: Er det noko med engelsk du= synest du er flink til?

R: Eh-- Tja, eg greier å forstå engelsk.

I: Det synest du ikkje er vanskeleg?

R: Nei.

I: Kva synest du *er* vanskeleg då?

R: Eh-- .. Grammatikk, å snakke rett; sånn å snakke rett konstant=, over lengre tid.

I: Skrive, då? Korleis synest du det er?

R: Skrive, det går som regel fint. Det er ein del feil, men= det går fint.

I: Ja. Kan eg spørje deg sånn ca. kva karakter du ligg på?

R: Eh-- Fire.

I: Både i munnleg og skriftleg?

R: Eh-- I munnleg har eg fått fem for eg snakkar masse.

I: Å ja!

R: Eg snakkar ikkje så bra, men eg snakkar masse.

I: Ja, men då ligg du no ikkje dårleg an?

R: Nei.

I: Og fire i skriftleg er jo ikkje nokon dårleg karakter!

R: Nei.

I: Det er bra! Har du lyst til å bli flinkare i engelsk?

R: Eg ser det ikkje som nødvendig å vere flink i engelsk. Eg synest eg får fram det eg meiner= både skriftleg og munnleg, og eg forstår kva andre prøver å få fram, så eigentleg, eg ville klart meg no, trur eg. Men, ja-- (03.08)

I: Synest du at du får noko råd eller hjelp på skulen til korleis du kan bli flinkare= i engelsk?

R: Ikkje anna enn at: «lær ord» og «ord er viktig» og sånne ting. Men det er ikkje nokon strukturell læreplan på korleis vi skal bli flinkare. Det er berre= dåkke må jobbe med orda!

I: Ja, jobb meir?

R: Jobb meir.

I: Veit du kva ein læringsstrategi er? Har du høyrte det ordet før?

R: Ja. Det har eg høyrte, ja. Det er når-- Er ikkje det når læraren har=, eller-- Du har sånn VØL-skjema og så har du BISON-overblikk og sånne ting. Vi hadde ein del på barneskulen, men aldri hatt nytte av det, anna enn når vi hadde det i timane. Fekk beskjed om å bruke det.

I: Men har du fått-- For då veit du kva læringsstrategiar er, ein kan lære på ulike måtar.

R: Ja.

I: Men har du fått vite noko om korleis ein kan lære språk, altså strategiar som går konkret på det å lære *språk*?

R: Nei, ikkje som eg kan hugse.

I: Kva slags heimearbeid er det forventa at du gjer= i engelsk?

R: Det er forventa= at vi gjer det som står på planen. Som regel er det tre-fire oppgåver i oppgåveboka vår. Eh= av og til så er det å skrive ei halv side om eit tema, sist var det eteforstyrrelsar eller noko sånt. Og då var det jo to stykke som hadde gjort det og resten hadde berre oversett det på planen. (04.49)

I: Okei?

R: Så då måtte vi gjere det på nytt igjen, og då gjorde vi det fordi vi ikkje ville bli skrivne ned. Men=, ja-- Engelskfaget er ikkje det som blir prioritert høgast opp av faga, trur eg.

I: Nei, det var det eg skulle til å spørje om, om det var eit bevisst val at elevar prioriterte andre lekser?

R: Ja=, den veka så hadde vi matteprøve så det blei øvd litt til den, trur eg. Men eg trur generelt så blir engelsk nedprioritert, engelsk og RLE trur eg. Dei ligg nedst.

I: Får de vere med å påverke noko kva slags lekse de skal ha?

R: Nei, veldig sjeldan.

I: Har alle i klassa same lekse, trur du, i engelsk? Har de ein felles arbeidsplan som alle har?

R: Vi har felles arbeidsplan. Før=, så var det sånn at det var ei enklare engelskbok for dei som trengde det. No, så er det sånn at eg trur alle har same bøkene, men nokre får gå ut i timane og ha sånn, liksom privat, eller ikkje privat, men -- [Dei får meir hjelp.]

I: Dei får meir hjelp?

R: Så går det tre stykke ut på eit grupperom med ein eigen lærar, og så får dei masse hjelp. Så er det ein lærar igjen inne med resten av klassa.

I: Så då er det to lærarar, to engelsklærarar i alle engelsktimane då, eller?

R: Nei, eg trur ikkje det er i alle engelsktimane. Men det er i nokre at det kjem ein slik hjelpelærar for å ta ut nokre.

I: Kva tenker du om dei som er flinke i engelsk? Får dei noko å strekke seg etter?

R: Vi har jo ei som er kjempeflink i engelsk. Ho tok 10. sitt pensum i fjor, og begynte på vidaregåande i år. Så ho får sikkert bryne seg på vidaregåande pensumet. Men viss du= ikkje er så flink, men berre ligg over vårt gjennomsnitt på skulen, klassa vår, så trur eg du berre må gjere våre lekser. Eg trur ikkje det er noko oppfølging.

I: Du får ikkje noko anna lekse i staden?

R: Nei, det trur eg ikkje.

I: Snakkar læraren engelsk i engelsktimane?

R: Ja=, ho snakkar=, ho prøvar å snakke engelsk. Viss ho ser at det er nokon som ikkje forstår, så gjentek ho det på norsk. Men ho prøvar å snakke engelsk. (07.09)

I: Elevane, då? Snakkar de engelsk?

R: Eh-- Når vi får beskjed om å snakke engelsk.

I: Det betyr at de gjer det ikkje konsekvent?

R: Nei, når vi sit og gjer oppgåver for eksempel, så snakkar vi norsk. Viss vi snakkar høgt i timen, så er det nokre som begynner på engelsk, og så veit dei ikkje kva dei skal seie, og så «kan eg ta det på norsk, please?» Og nokre gongar går det og andre gongar får dei ikkje lov til det. Men= ja--

I: Det er jo sånn i alle fag at de har nokre læringsmål som de skal nå. Veit du kva som er måla i engelsk, kva de skal kunne?

R: Nei, eg veit veldig lite om kva vi skal kunne i dei fleste fag.

I: Så lærarane snakkar ikkje så mykje om det?

R: Det er av og til det kjem kommentarar at dette står på læringsplanen, men det pleier ikkje å sitje igjen kva som stod på læringsplanen, for det kjem sjeldan, det er berre innimellom.

I: Skriv de noko eigenvurdering= der du må vurdere seg sjølv i engelsk? Kva du kan og kva du skal jobbe meir med og sånne ting? (08.15)

R: Eh--

I: At de har noko system på det?

R: Nei. Einaste gongane vi vurderer oss sjølve det er-- Innimellom så har vi sånne små presentasjonar der vi må vere med å stille kriterier på kva som skal bli-- Eller liksom= kva vi skal sjå etter.

I: Kva som skal bli vurdert?

R: Ja. Men det er stort sett det same, og det er det som blir vår eigenvurdering, trur eg.

I: Kjenneteikn på måloppnåing, er det eit uttrykk du har høyrte?

R: Nei.

I: Når de har munnlege presentasjonar, så seier jo du at det er nokre ting ein ser etter. Får de vite noko om kva som skal til for å komme på middels, kva som skal til for å komme på høg? (09.00)

R: Ja. Ja.

I: Korleis blir det gjort?

R: Av og til så får vi ut sånne ark der det står karakter 1 – 2, 3 – 4 og 5 – 6 og så tre kolonnar nedover. Og så står det kriterier for å få 1 og 2, 3 og 4, 5 og 6 og så set ho ((læraren)) kryss på dei forskjellige punkta nedover XXX og så vil ho «summere» dei opp igjen.

I: Men når du skal førebu deg på ein slik munnleg presentasjon, brukar du desse stikkorda då, på førehand?

R: Nei. Stikkorda går som regel på uttale, kontakt med publikum, om vi fomlar med ting og ark og sånne ting, det går ikkje så masse på innhaldet.

I: Får de noko tilsvarende på skriftleg, når de skal skrive tekstar? (10.01)

R: Skrive tekstar, det-- Når vi skriv tekstar heime, så berre held vi opp boka, så ho ser at vi har gjort det, men ho les ikkje over dei.

I: Men no tenker eg på dei tekstane som du får karakter på?

R: Å ja, nei, der får vi berre oppgåvene og så får vi ein kommentar på slutten. Oppgåvene startar, og så skriv vi og leverer inn, og etter ei veke eller to så får vi tilbake med ein liten kommentar på slutten.

I: Får de noko framover-- Altså råd for seinare skriving, korleis du skal bli flinkare å skrive?

R: Ja, sånn jobb med verb og= jobb med samansette ord eller setningsbygging og sånt.

I: Så læraren plukkar ut litt sånne typiske feil som du gjer?

R: Ja.

I: Diskuterer de noko med engelsklæraren korleis timane skal vere? Får de vere med og påverke korleis de jobbar? (10.58)

R: Nei, ho har ein plan for det før timane.

I: Kva gjer du for å lære deg nye ord= på engelsk?

R: Eg gjer egentleg veldig lite for det, eg har ikkje sett det som prioritert fordi eg har ikkje sett det som nødvendig.

I: Korleis vil du beskrive ordforrådet ditt sånn som det er no, då?



R: Eh-- Eg vil beskrive det som godt nok.

I: Du har det du treng?

R: Eg har det eg treng pluss litt.

I: Viss du skal prøve å beskrive ein typisk engelsktime i di klasse, korleis er den?

R: Vi kjem inn og set oss ned, og brukar litt tid på å finne fram bøker og komme til ro og sånt. Og så seier ho at vi skal slå opp på den sida i teksten, og så spelar ho av teksten på CD. I det seinare har vi begynt å ha to tekstar kvar veke for at vi skal bli ferdig med boka. Og då går omtrent heile timen på å først høyre teksten, og så lese teksten, og så gjere sånne *Let's talk-* eller *Work with words-* oppgåver.

I: Når de har slike *Let's talk*, er det slik at de snakkar i grupper då, eller?

R: To og to. Med den partneren ein sit med. Og det er som regel slik at den første engelsktimen i veka går med til å lese teksten og gjere dei små oppgåvene. Så, dei andre engelsktimane går med til å gjere oppgåver i oppgåveboka. Men det er ikkje veldig effektiv jobbing, så det blir ikkje gjort så masse i timane.

I: Er det andre måtar du tenker at de kunne jobba med engelsk i timane på, som de ikkje gjer?

R: .. Nei, eg trur eigentleg at det vi gjer, det er ein god måte å gjere det på. Hadde vi gått inn for det, og verkeleg tenkt at engelsk, det er bra for det må vi kunne masse-- Men vi manglar litt den !spiriten.

I: Riktig. Men får de velje litt sjølve, for du seier jo at de har ein eller to tekstar, er de noko slags valmuligheiter på kva slags tekstar de får lese?

R: Nei, vi berre tek det som står i boka, startar først i boka og går utover.

I: Les de noko-- Hugsar du kva slags læreverk de har, forresten? Kva det heiter? Er det ei eller to bøker?

R: Det er ei bok. Den heiter *New Flight*, kan det stemme?

I: Det er det noko som heiter, ja. Les de bøker, for eksemel romanar, på engelsk?

R: Vi leste <X Holes X> no.

I: Og då las heile klassa same boka?

R: Ja. Viss du hadde lese den før, eller syntest den blei altfor lang, eller den blei veldig kjedelig, så kunne du få lov til å lese ei anna bok, men mesteparten las den. (14.11)

I: Les du bøker=, engelske bøker, som ikkje har noko med skulen å gjere?

R: Eh= eg gjorde det før, då las eg masse. Tjukke bøker. Fordi engelsk var kjekt å lese. Det er kjekkare enn å lese norsk, for det er meir ord og sånn. Men no har eg gått litt tilbake på lesinga, så no-- Viss eg les, så les eg på norsk, men som regel ser eg film eller spelar med folk på engelsk.

I: Viss du skulle gje noko råd til desse som underviser i engelsk, kva ville du sagt til dei? Er det noko du synst dei burde forandra på, eller kunne gjort annleis? For du har jo sagt fleire gonger at du ikkje føler at det er den store= inspirasjonen til å jobbe med det, er det noko dei kunne ha gjort for å bøte på det?

R: Viss du hadde stilt meir krav til at vi måtte lære det, hatt prøver=, gloseprøver og sånt, som talte på karakteren, som faktisk gjorde at vi måtte gjere ein innsats viss vi ville ha ein god karakter. For no er det som regel berre skrivedagen som tel, og det andre det gjer ein berre som tidsfyll-- Eh= --

I: Men korleis får de-- Kva er det som er grunnlaget for å setje karakter i munnleg engelsk, då=, veit du det?

R: Vi har nokre munnlege presentasjonar=, dei trur eg tel masse, og så har du-- Viss du snakkar i timane--

I: Ja. Men viss du snakkar i timane, tel då sjølve aktiviteten meir enn kor flink du er, kor god uttale du har?

R: Eg trur det. Viss du er skikkeleg god i engelsk, men ikkje snakkar, så får du-- Så kan du få like god karakter som ein som ikkje er så god i engelsk, men som snakkar masse og prøver å vise at eg torer å snakke engelsk. Eg er sikker på min engelsk, eg veit den ikkje er så god, men eg brukar den.

I: Noko anna du har lyst til å seie om engelsk, noko eg ikkje har spurt deg om?

R: Nei, det går fint.

I: Du har ikkje tenkt å bli engelsklærer, forstår eg? @

R: Nei, det har eg ikkje tenkt @

I: På skjemaet du fylte ut var det nokre ord der du kunne velje kva du syntest som passa. Då har du valt kjedelig, nødvendig og utfordrande. Når du seier utfordrande, kva legg du i det ordet? Kva betyr det for deg? (16.47)

R: Det betyr at grammatikk og verb er vanskelig.

I: Så det er utfordrande i forhold til nivået, rett og slett?

R: Ja.

I: Men kva kunne vore gjort for at du ikkje skulle synest at engelsktimane var kjedelege? .. Kunne de ha jobba på andre måtar? Er det andre ting de kunne gjort i staden eller i tillegg?

R: Sånne-- Sjå filmar og skrive referat, for eksempel. Som gjer at vi får noko kjekt, men gjer noko skikkeleg med det etterpå. Vi såg Romeo & Julie, og skulle skrive oppgåve til det, men det er jo Romeo & Julie-- @ Det er jo ikkje så spennande @

I: Men ser de ikkje filmar som er retta mot dykk som eit ungt publikum?

R: Nei.

I: Har de spurt om de kan gjere det?

R: Ja.

I: Kva er argumentet for å seie nei, då? For læraren, trur du?

R: Dei er redde for at vi ikkje kjem til å jobbe godt nok med det etterpå uansett, så då blir det berre kosetime og vi får ikkje gjort noko vetig ut av det. Men vi får ikkje gjort så masse vetig ut av dei vanlege timane heller, så-

I: Men du tenker at viss du fekk sjå ein film som du likte, så ville du bli motivert til å jobbe meir?

R: Det er betre med belønning, og så jobbe for belønninga, enn å få sjå Romeo & Julie, som vi då ikkje-- Vi er ikkje veldig motiverte, ikkje veldig stor motivasjon for å sjå Romeo & Julie og så jobbe med Romeo & Julie-- @

I: Det kan eg sjå.

R: Ja.

I: Skal vi sjå, om du har skrive noko meir som eg vil spørje deg om – ((finn fram papir). Du skriv jo at du kjem til å gå på studiespesialiserande og ha engelsk då, ser du føre deg at du skal bruke engelsk til noko etter vidaregåande?

R: Nei, eg skal gå realfaga, og så skal eg bli—Ja, ingeniør og såne ting.

I: Men viss du er på realfagssida, ser du føre deg at du kunne hatt ein jobb der du hadde engelsk som arbeidsspråk seinare?

R: Eh-- .. Det kan vel gå, og eg trur eg skulle klart meg ok med det. Hadde eg lært dei rette uttrykka for dei forskjellige tinga på engelsk, så skal ein ikkje sjå vekk ifrå det. Men eg trur eg skal prøve å finne meg ein jobb med norsk språk. Ja.

I: OK. Då stoppar vi.

## ID 06 (f)

I: Kan du seie litt om kva du synest om engelskfaget? Og her må du berre vere heilt ærleg.

R: Ja @, det er vel litt forskjellig. Sånn som vi har det på skulen så synest eg det er litt= kjedelig. Men det er jo ikkje fordi eg synest det er vanskelig, det er fordi eg synest det er veldig= enkelt. Og det blir-- Eg synest det er veldig kjedelig, i timane spesielt. .. Faget, eller språket, har eg ikkje noko imot på ein måte.

I: Kan du komme med eksempel på !kvifor du synest det er kjedelig i timane? Kva er det du ikkje likar?

R: Det er berre det at det er litt enkelt, og det er litt-- Og tekstane vi har i boka og sånn, dei er så kjedelege at-- Det er rett og slett litt sånn Peter has a dog. It was his favourite dog. Ikkje sant? Eg skjønner at vi er på så ulike nivå, alle saman, så eg skjønner jo at= det er ein grunn til at vi er på akkurat det nivået, og eg skjønner at eg kanskje har kome litt ovanfor, men eg synest fortsatt at det er veldig kjedelig.

I: Klarer du å hugse då du begynte å lære engelsk=, på barneskulen?

R: I barnehagen, sikkert. Eg tok det opp veldig, med lesing og sånn. Engelsk og. Så på VHS-filmar spelte eg tilbake og høyrte på engelsk og norsk og tekstar, og lærte meg å lese veldig fort, eigentleg. Både engelsk og norsk.

I: Så du opplevde ikkje då heller at du syntest at det var noko vanskelig?

R: Nei.

I: Kva er du flink til i engelsk, då? Synest du sjølv?

R: .. Eg får no til å prate, då. Skrive. Det er eigentleg ingenting eg slit noko særleg med.

I: Ikkje noko du synest er spesielt vanskelig?

R: Nei, faktisk ikkje. Eg trur eigentleg eg !kan språket like godt som norsk, men får kanskje ikkje seksarar på alle skrive dagar og sånn, men det er litt fordi eg er ikkje så flink til å lage historier, på ein måte. Eg synest eg kan språket, eigentleg.

I: Men betyr det at du ligg og sånn og vippar mellom fem og seks?

R: I munnleg har eg seks og i skriftleg har eg sikkert fem, eg veit ikkje om eg får seks for vi har ikkje hatt sånn skrive dag enda. Så eg får sjå kva eg får på den. (02.16)

I: Men når du seier at du ikkje er flink til å lage forteljingar og sånt, har de berre sånne skriveoppgåver? Du kan ikkje skrive meir sånn= sakprosa tekstar?

R: Jo, vi har sakprosa, sjølvsagt. Det er sånn, viss vi har skrive dag eller tentamen, så har vi som regel ein dag med sakprosa og ein med skjønnlitterær. Vi får som regel på skrive dagen velje mellom alt innan sakprosa, for eksempel essay, kåseri, intervju og alt. Det er veldig mange oppgåver og sånn, men eg føler ofte at med mindre vi har tentamen og får sånne eksempel på eksamensoppgåver, der synest eg det kan vere litt sånn utfordringar, men elles så synest eg det er så vanskeleg å skrive ein tekst når alt du får er litt sånn write a text about someone who gets lucky Ikkje sant? @

I: Ja, du må sitje og dikte ei historie?

R: Ja, eller ein saktekst om «*About bullying*» ikkje sant, det er liksom-- Då sit du og-- Du har litt lyst til å kunne lese deg opp på det, at det er noko meir-- Om mobbing i ditt nærmiljø eller noko som hadde vore meir konkret. Og meir sånn som ein gjer på ei eksamensoppgåve, at ein kan lese seg opp til det, eller at ein kan ha noko å tenke over. Du kan gå i ein million retningar, på ein måte.

I: Og då blir valet vanskelig, på ein måte?

R: Ja, og då blir det og ein del at ein sit der og synest at det er så kjedelege oppgåver og liksom berre skriv og blir ferdig med det. Ein blir ikkje interessert.

I: Nei, det skjønar eg. Synest du at lærarane er flinke til å gje råd eller tips om korleis du kan bli flinkare i engelsk?

R: Jo, læraren min gjev jo meg-- Har vel sikkert gitt meg nokre råd oppgjennom åra, men= eg veit ikkje. Kanskje meir råd om korleis eg kan skrive betre og sånn, for rettskriving og tale og sånn har eg eigentleg ikkje så= masse feil på, på ein måte. Kan av og til få noko sånn-- Sjølv sagt seier ho til heile klassa at ein kan lese bøker på engelsk, sjå filmar på engelsk, prate engelsk med venner, altså sånt som ho seier til alle.

I: Men når du har skrive tekstar som du får tilbake, får du noko konkret på-- I forhold til korleis du skriv, kva bør du ta tak i, korleis kan du skrive betre?

R: Jo, det pleier ofte å stå sånn=, viss eg for eksempel har hatt-- Ein gong stod det for eksempel they're og their, at eg hadde eit par feil på det, og då skriv ho på ein måte at-- Jobb med dei forskjellane. Eg hadde sikkert feil på det i åttande eller noko. Det er no sånn.

I: Ordet læringsstrategi, har du høyrte det nokon gong? Veit du kva det er? (05.18)

R: Nei, men eg kan no skjønne kva det betyr.

I: Opplever du at du har lært noko på skulen om *korleis* ein skal lære eit nytt språk? For vi lærer jo ikkje likt, sant, vi lærer jo på ulike måtar? Er det noko som det er fokus på i engelsktimane?

R: Korleis vi skal lære engelsk?

I: Ja, det er jo annleis å lære engelsk enn å lære matematikk, ikkje sant? Du må jobbe på ein annan måte når det er eit språk?

R: Ja, men eg veit ikkje. Eg trur ikkje akkurat vi har gått gjennom nokon gong, sånn at vi skal-- Kva (som blir den beste måten for oss.

I: Kva slags heimearbeid er det forventa at du gjer i engelsk?

R: Heimearbeid, der kan eg vere heilt ærleg at det gjer ikkje eg så mykje av fordi-- Det er jo forventa, det er ofte sånn at det blir eit par oppgåver i Workbook, og så blir det noko-- Les den sida som vi gjer i timen eller noko, men det er ikkje noko vanskeleg oppgåve eller det er ikkje noko utfordrande. Det er som regel berre sånn-- Omsett desse fire setningane til norsk og les den sida her på ein måte.

I: Men i og med at du synest at lekse er enkel, har alle i klassa same lekse?

R: Ja.

I: Kva tenker du om det, i forhold til at de er på ulike nivå?

R: Det tenker eg er litt dumt, eigentleg. Det har eg tenkt på. Altså=, kanskje det blir litt mykje arbeid for læraren, ein treng jo ikkje sjekke lekse, men om eg hadde vore læraren hadde eg no tenkt, og eg ville verkeleg at dei skulle forbetre seg, då hadde eg no gitt dei som er litt sånn enkle, eg hadde gitt dei nokre oppgåver og sagt at eg kom til å sjekke det, faktisk.

Og dei som ligg litt høgt oppe, hadde eg kanskje-- Dei som kanskje interesserer seg litt og sånn, dei hadde eg kanskje gitt nokre meir avanserte tekstar, kopiert noko, eller-- Gjort noko sånn, fordi-- Eller gitt dei litt forskjellig, ikkje berre sånn, skrive på planen; gjer dei to oppgåvene. Eg veit ikkje, eg tenker at det er ein betre måte å nå elevane på. Eller få dei til å ville arbeide om du gir dei litt eigne oppgåver.

I: Det trur eg du har helt rett i. Har du prøvd å seie dette til engelsklæraren? Ville det vere noko hjelp i? (07.30)

R: I fjor sa vel vi, eg og nokon, at vi kanskje ville ha det litt vanskelegare, og då fekk vi nokre lesebøker, men dei var litt kjedelege, dei og. Og då fekk ikkje vi oppgåver vi skulle gjere i dei, av ho, då var det berre sånn berre jobb litt på planen eller i dei bøkene de har fått. Og så sat vi liksom og bladde i den boka, eg er jo ikkje ein stad i denne boka, skal eg berre ta ei tilfeldig oppgåve og lese ein tekst? Ikkje sant? Så det vart litt tull, og det blir jo vanskeleg for ho å passe på fire stk. som hadde fått sånne bøker og resten av klassa si lekse og sånn då.

I: Lånar de engelske bøker på biblioteket, der de får velje sjølv? Som de skal presentere eller skrive om?

R: Vi har gjort det, sikkert en eller annan gong. No las vi ei sånn bok som ho hadde valt ut, fordi vi skulle lese ei bok i tiande. Men den var jo ufatteleg kjedelig og @, ei barnebok.

I: Men las alle same boka?

R: Ja, alle las same boka, og det eg syntest var litt kjedelig med det, var at-- Eller, vi fekk to bøker å velje mellom, den eine var ikkje så mange eksemplar av då, og så var det ei som heitte Holes som alle saman fekk. Det var ei kort, lita pocketbok, og det er eigentleg ein barnefilm, og= eg syntest den var ufatteleg kjedelig. Eg las den, og så såg vi filmen.

Den andre boka las eg litt igjennom, den og var ei barnebok på ein måte, og det var litt sånn-- Eg skjønar at alle ikkje er heilt på same nivå og sånn, men då fekk !vi lov til å gå på biblioteket og velje, då, nokre av oss. Men eg veit ikkje, eg trur ikkje eg las ferdig den eg fann, heller, det var vanskeleg å finne noko.

I: Det er jo sånn i alle fag at de har nokre mål som er fastslegne, kva ein skal lære. Veit du kva du skal lære i engelsk? Har du fått vite det på skulen? (09.15)

R: Det kan hende, eigentleg, eller det kan hende at ho av og til seier det--

I: Men det er ikkje slik at du kan seie det til meg no at du hugsar det? At du veit kva som er måla for 10. klasse?

R: Eg veit jo at vi skal-- Eg veit ikkje kva som er måla for tiande, eigentleg. Eg burde sikkert vite det, då. Viss eg tenker over det vi jobbar med, så er det det at vi les desse tekstane og sånn. Det er sikkert noko ulike-- At vi skal og lære å seie noko i presens perfektum eller preteritum, men det veit eg ikkje, eigentleg.

I: De har jo arbeidsplan ikkje sant? Står det mål for kvart fag på den? Sånn for kvar veke?

R: Eg trur kanskje det. Eg er vel kanskje ikkje så flink til å lese engelskplanen då, men det står vel kanskje sikkert at du skal jobbe med preteritum eller noko, det trur eg pleier å stå, og så eine oppgåva har med å gjere eit verb, å bøye det til preteritum eller noko, sikkert. Men det pleier ikkje å stå kva vi må lære for året, det har eg ikkje høyrte noko om.

I: Så då har i alle fall ikkje de noko veldig bevisst forhold til det?

R: Nei, eg trur ikkje det. At vi veit at «åh, no må eg få lært meg dette her ut året,» på ein måte? Nei.

I: Har de noko eigenvurdering i engelsk? Der elevane må vurdere seg sjølve, på kva de kan og korleis de ligg an?

R: Kva?

I: At de skriv noko=, i forbindelse med utviklingssamtale for eksempel, at de må skrive om dykk sjølve i dei forskjellige faga?

R: Nei, eg trur ikkje det.

I: Kjenneteikn på måloppnåing, veit du kva det er? Viss du for eksempel skal ha ein munnleg presentasjon, får de vite kva som skal til [for å komme på] middels eller på høg? (10.57)

R: [Ja, det får vi.] Ja, vi får sånne ark, det er sånne standardark der det står 5 til 6 for eksempel, står det liksom=, prat høgt og tydeleg og litt sånn. Det får vi i alle fag, sånne ark, når vi har presentasjonar.

I: Brukar du dei når du skal førebu deg til noko? Ser du på dei?

R: Nei. Fordi eg tenker eigentleg at alle skjønar at når dei har sett på folk framføre, og dei har sett kva ulike karakter folk får, alle skjønar at brukar du arket for mykje, då får ikkje du seksar, ta ned arket; kan du få seksar. Prat tydeleg og sånn-- Alle skjønar--

I: Kva som skal til?

R: Alle skjønner kor langt dei greier å nå, på ein måte, merkar eg. Alle veit liksom, alle seier eg håpar eg får-- Så klart, ligg du på trear, så seier du at eg håpar eg får ein firar på denne, for denne har eg øvd mykje på, kan eg høyre folk seie. Men på ein måte, dei veit at dei ikkje kan nå 5-6 på ein måte, fordi dei greier ikkje å gå vekk frå arket, eller dei greier ikkje å prate så tydeleg eller-- Det er sånne ting. (11.53)

I: Diskuterer de noko i klassa med læraren, korleis undervisninga skal vere? Får de vere med å bestemme= korleis de skal jobbe med engelsk?

R: Kan hende det av og til kjem opp noko sånn at= korleis vi skal gjere noko, men det er jo eigentleg berre det same nesten, eigentleg. Kan hende vi har blitt spurt ein gong, liksom, vil de heller at vi skal gjere det sånn, vil de heller at de skal bestemme kven de skal jobbe med, ja. Men det er ikkje mykje sånn. Det er meir sånn, berre, no les alle saman med den som sit ved sidan av, på ein måte. <X Det er ein engelsktimeX>

I: Men viss du tenker på kva som er ein typisk engelsktime i di klasse, kva er det som skjer då, i løpet av ein time?

R: For meg er det eigentleg=, heilt ærleg, sitte der litt=, vi høyrer kanskje på ein CD, les teksten, og så får vi som regel-- Spesielt no er det sånn at vi skal-- No i det siste, at vi må kjapt, vi må ha to tekstar i veka fordi vi må bli ferdig med boka på ein måte @. Så vi høyrer det på CD og så skal vi lese med den som sit ved sidan av. Så eigentleg endar det jo opp med at ein sit og liksom les litt og mumlar litt.

For eksempel den eg sit ved sidan av no, har ikkje noko interesse for å lese heller, og tekstane har ikkje eg så stor interesse av heller, så vi sit jo på ein måte berre der og kanskje går gjennom eit par setningar. .. Det einaste som-- Diskutere tekstar med den du sit med, det er einaste der vi faktisk eigentleg gjer ein del. Såne Let's talk spørsmål, der vi skal diskutere, får spørsmål som vi skal diskutere og ikkje skrive ned, det føler eg hjelper ein del. At ein ikkje skriv ned svara på spørsmåla, men diskuterer med den som sit ved sidan av, då føler eg at alle saman pratar. (13.40)

I: Snakkar de engelsk, alle, då, i timane?

R: Eh= Mesteparten av tida. Viss ein får eit spørsmål er det ofte folk tar opp handa og snakkar norsk, det kan no eg og av og til gjere, så seier ho at vi må snakke engelsk. For vi gløymer det, eg veit ikkje, det føldest berre som vi sit i ein norsktime av og til. Vi høyrer engelsk CD-ar, så det er så rart korleis alle saman tar opp handa og begynner å prate norsk.

I: Men snakkar læraren engelsk, då?

R: Ja, som regel, ja.

I: Viss de skal ha undervisning om grammatikk og sånne ting, snakkar ho engelsk då og?

R: Vi har ikkje så veldig mykje om grammatikk, ofte. Sikkert ikkje så mykje som vi kanskje burde. Det er jo av og til, etter ein skrive dag pleier ho å skrive opp på tavla litt sånn feil som dei fleste har hatt og sånn. Vi pleier ikkje så ofte å gå gjennom sånne reglar og= korleis ein skal bøye ting og sånn, det pleier vi ikkje å gå gjennom, sjølv om eg synest vi burde kanskje gå gjennom det på grunn av visse andre.

I: Men= sånn som det høyrst ut på deg, så synest jo du at engelsktimane er ganske kjedelege og lite varierte?

R: Ja.

I: Viss du fekk bestemme og fekk ønske, kva slags andre aktivitetar kunne de ha gjort for at dette skulle bli eit meir inspirerende fag?

R: Eg veit ikkje--

I: Er det andre typar aktivitetar de kunne ha gjort? (15.02)

R: Vi kunne jo--

I: Må de følgje boka så mykje, for eksempel?

R: Nei, det synest eg ikkje vi burde. Og så synest eg vi burde prøve å få prata meir med kvarandre, for eg tenker at <EMPH engelsk er ikkje berre å lese opp ein tekst EMPH>. Eg tenker jo at for at vi faktisk skal ha bruk for det, må vi kunne kommunisere med kvarandre. Og det er det eg tenker, at viss ein faktisk kommuniserer, då får--

Eg merker for eksempel at den som sit ved sidan av meg no, ho er ikkje så veldig flink i engelsk, når ho les teksten er ho berre heilt vekk frå språket, nesten. Men når vi pratar, då kjem ho meir inn i det, brukar meir ord frå teksten og då hugsar ho og teksten betre, merkar eg. Så når vi les og sånn, så spør eg ho spørsmål etterpå, Let's talk vi må gjere, og då-- Kva var det den handla om, no igjen? Ikkje sant? Og viss vi har diskutert det litt eller noko, då blir det lettare.

Eg synest vi burde gjere meir sånne ting, og eg synest kanskje at læraren ofte burde ha meir= litt meir !kontroll over elevane sine. Ikkje det at-- Vi er ikkje ei bråkete klasse eller noko, litt kontroll over at visse folk faktisk pratar og gjer det. Og eg synest at vi skal !lese mindre, tekstane, at vi skal mindre lese dei opp for kvarandre, for det er eigentleg !alt vi gjer, på ein måte. (16.19)

I: Men har de hatt noko sånn-- Du snakka jo om skriftleg, at de har tentamen og litt sånn, prøvd på eksamensoppgåver og sånn, men har de noko slags prøvemunnleg eksamen i engelsk?

R: Ja, det har nokre av oss fått, ja. Eg var på det.

I: Korleis var det?

R: Det var greitt. Eg syntest det var betre enn når vi elles har hatt framføringar. Det eg synest er rart er at dette året har vi ikkje hatt så mange framføringar i nokon av faga, men sånn vanleg framføring er det å gå gjennom noko litt fort, og det er litt sånn-- Eg syntest det var mykje kjekkare då det berre var oss, eller berre meg og læraren min og ein annan lærar. Då diskuterte vi det etterpå og då følte eg på ein måte at eg kunne= få meir fram det eg ville med presentasjonen, enn at eg stod--

I: Framfor klassa?

R: Ja, framfor klassa, eller berre framfor dei. Så eg syntest det var litt sånn greitt å kunne diskutere faktisk det du har framført for du har sete og jobba med det og det er mykje du ikkje får tatt med. Du vil kunne forklare det, for tenk om du står og seier noko som ikkje kan bli godt nok forklart, sant? Læraren blir forvirra= og det påverkar karakteren din; så kan du sette deg ned, så kan du diskutere og forklare alt du har meint og faktaene dine, kor du har det frå og litt sånn forskjellig. (17.38)

I: Den munnlege karakteren som de får i engelsk, veit du kva som er grunnlaget for den? Kva lærarane ser på når dei set den karakteren?

R: Sånn=, hovudkarakteren?

I: Ja.

R: Ser jo sjølvsagt på uttalen og sånn, eg trur det er veldig mykje sånn som kor mykje vi rekk opp handa i timane, fordi i klassa mi så er eg den einaste som rekk opp handa i engelsktimane, nesten. Som gjer det kvar time, og det har ho sagt til meg, litt difor eg får seksar. Fordi eg har god uttale og sånn, seier ho, men-- Eg veit ikkje, eg føler liksom--

Eg merkar med venner av meg, som ligg på sånn 3 og 4, det blir meir sånn som !aldri har opp handa, eg veit ikkje-- Då går det jo ein del på kor mykje dei har opp handa og sånn, men eg føler ikkje at det blir så ofte sjekka på kor god uttale dei har. Og korleis uttalen vår er, det føler eg ikkje blir så ofte bra sjekka som det kanskje burde; kanskje nokon har forbetra seg eller-- Ikkje sant? Og så er det litt sånn= nei, eg torer ikkje rekke opp handa, men så kan dei eigentleg prate engelsk veldig bra.

I: Men dei som ikkje torer eller ikkje vil rekke opp handa og snakke så mykje i timen, får dei nokre andre sjansar til å vise=, altså at læraren tek dei ut i mindre grupper, eller?

R: Nei, men vi har jo-- Eg veit ikkje, vi har jo sånne munnlege framføringar. Vi har sikkert berre hatt ei i år, utanom eg og fire andre som hadde prøvemunnleg. Og då kan du jo vise deg fram, men då er det som regel-- Eg føler at folk er så-- Det er så mange folk som blir så flau, dei står liksom og ser ned på arket og vil bli ferdige med det, på ein måte. Det er jo noko !dei må jobbe med.



Og så føler eg kanskje at= eg synest at læraren vår burde !sjå det meir, og kanskje ta med nokon ut i gangen og prate med dei. Fordi då veit eg at dei kjem til å vise ho kva dei verkeleg kan, det har eg høyrte folk seie, at dei vil vise læraren meir kva dei kan for å forbetre karakteren, spesielt no i tiande, men det er så ubehageleg for dei å stå framfor alle.

Så eg veit jo og, då vi hadde prøvemunnleg, dei andre eg hadde med, så var det folk som fekk litt= mykje høgare karakter enn dei pleier å gjere på sånne framføringar. Og det var sikkert fordi det berre var to lærarar der; fordi det vart enklare for dei. Og dei må jo på ein måte bryte ut av dette skalet sitt på ein eller annan måte, men det å stå framfor ei heil klasse, det kjem ikkje til å forbetre deg i engelsk, trur eg. Du må kunne prate med nokon; ha ein samtale og ikkje at det står tjue andre personar og føl med på korleis du uttaler kvart ord og sånn, det trur eg ikkje hjelper nokon.

I: Og det blir jo ein veldig kunstig situasjon?

R: Ja. (20.20)

I: Viss du= skulle fortsette med engelsk, for du skreiv jo berre-- Eg spurte om du kjem til å studere engelsk seinare. Viss det står på den neste timeplanen, ja, skreiv du, og då tenkte du vel på vidaregåande?

R: Hm?

I: Du tenker at du skal ha engelsk på vidaregåande?

R: Ja.

I: Men etterpå, seinare, tenker du at du skal bruke engelsk til noko då? Kunne du ha tenkt deg å ha ein jobb der du hadde engelsk som arbeidsspråk?

R: Eg veit ikkje heilt, eller eg tenker-- Engelsk er eit språk som eg trur alle saman kjem til å få bruk for, men eg veit ikkje. Eg har jo tenkt mykje på det språket eg har valt, tysk, for eg tenker at det kjem til å bli best i arbeidslivet og at eg tenker at eg må-- Eg veit ikkje heilt korleis eg skal svare, for eg veit ikkje kva eg skal bli, men eg trur det er veldig mange yrke der ein kan få bruk for engelsk og eg trur-- Eg kjem ikkje til, når eg er ferdig på skulen, eg kjem ikkje til å gje heilt opp engelsk. Eg kjem til å fortsette å lese engelske bøker og sjå filmar og sånt, sjølv sagt. Eller kanskje, eg kjem ikkje til å prate like mykje engelsk, men eg kjem ikkje til å la det språket forsvinne, for eg veit at eg kjem til å få bruk for det på ein måte.

I: Heilt sikkert.

R: Ja, men eg berre føler ikkje at eg får bruk for det.

I: Nei, men det veit ein jo aldri. Men du kjem jo ikkje til å gløyme det du kan, det sit der?

R: Ja.

I: På skjemaet var det nokre ord der du skulle velje kva du syntest som passa på engelsk, og då har du valt enkelt og kjedelig.

R: Ja @.

I: Og det stemmer jo overeins med det du har sagt no, men det er jo mange andre måtar ein kan jobbe med engelsk på enn sånn som du beskriv timane dykkar. Kvifor blir ikkje det gjort, trur du? Eg tenker på at ein kan lage film, ein kan drive med rollespel--

R: Ja, det er jo litt det og, at ein kan ikkje alltid ha så store prosjekt. Sjølv om= kanskje eit rollespel kan hjelpe nokre betre, og framføring kan hjelpe nokre betre å jobbe med engelsk. Ikkje sant, nokre er likkje glade i rollespel, nokre er likkje glade i framføringar, det er så forskjellig, merkar eg, for alle. Vi har jo hatt rollespel sånn i niande, før, i engelsk, sånne ting. Då er det liksom nokre åh, kan ikkje vi berre ha framføring? og andre endeleg kan vi ha rollespel! Då treng det ikkje berre vere eg som står der, liksom. Eller, eg veit ikkje kva eg skal seie, men eg trur-- Eg synest det er eit vanskeleg spørsmål, men--

I: Men du er med på at i ei klasse så lærer jo elevar på veldig forskjellig måte?

R: Ja.

I: Og er det då måtar ein kunne prøvd å hatt timane meir varierte på?

R: Ja, men det er eg einig i, at det burde vere meir variasjon, men det er å vanskeleg å seie noko, for uansett kva måte du vel, så er det jo liksom nokre som ikkje kjem til å jobbe så bra med det som nokre andre, uansett, så eg føler at kanskje ein burde-- Ikkje dele klassa, men ein burde på ein måte prøve å gje elevane val. Er det nokon som har lyst til å ha ei framføring, er det nokon som har lyst til å ha eit rollespel, ikkje sant? Men då må du også seie at dei verkeleg må jobbe med det. Er det nokon som har lyst til å ta ein tekst, på ein måte, og berre forklare den, eller kanskje gje litt ulike oppgåver, om vi skal ha noko å jobbe med heime. Så kan vi liksom-- Så kan folk ta=, eller er det nokon som har lyst til å ta ein samtale med meg ((lærer)) ute på gangen, eller eitt eller anna. Eg synest alle burde få noko utav det, på ein måte.

I: Men er det umogleg å tenke at ein kunne gjere det, at elevane kunne ha fleire valmuligheiter? At ikkje alle gjorde det same? (24.00)

R: Eg synest ikkje det er så umulig. For eg føler at vi har så-- Eg tenker at vi har jo berre ein lærar, og det blir jo mykje styr for den eine læraren, sant, men eg tenker på kor mange timar i engelsk der vi nesten ikkje gjer noko, og det blir så tomt på ein måte. Eg føler at !EG lærer ikkje noko av engelsktimane, og dei som faktisk burde lære noko, eller-- Og folk som ligg nede på 2 og sånn=, dei får ikkje noko ut av det. Det er så mange timar der eg tenker at vi kunne gjort noko anna, utan at det måtte ha blitt så stort press på læraren. Der vi kunne ha førebudd oss heime og sånn. Og det er sånt som eg føler vi kunne gjort meir av i norsk og andre fag og.

I: Kunne du ha tenkt deg å bli engelsklærer?

R: @ Det er jo det å halde styr på alle desse ungene då--

I: Ja, det var det--

R: Det veit eg ikkje heilt, eigentleg. Kanskje? Eg !likar eigentleg faget, sjølv om eg har sagt at det er kjedelig og sånn.

I: Jo, men det er sånn at eg oppfattar deg, det er jo ikkje det at du synest at !språket er kjedelig, men meir kanskje aktivitetane.

R: Eg kunne sikkert-- Eg trur eg kunne greidd å vere engelsklærer og studert og sånn, men eg veit ikkje heilt om det-- Eg har såpass interesse for faget at eg kunne ha gjort det, men sånn som eg ser det blir i engelsktimar, då måtte eg jo ha forandra veldig på ting, på ein måte, om eg sjølv skulle ha likt å stå der. For eg ville jo ha likt veldig at eg visste at alle elevane fekk noko ut av det. (25.33)

I: Er det noko anna du har lyst til å seie, noko vi ikkje har snakka om som du synest må vere med?

R: Nei, eg veit ikkje heilt @.

I: Nei, du har sagt mykje du, no @ Viss du skulle ha gitt eit råd, då, til engelsklærarar, kva skulle det vere?

R: Eh=

I: Det har du jo forsåvidt gjort allereie, du har jo sagt mykje.

R: Ikkje vere så-- Ikkje følgje sånn boka, på ein måte. Og då meiner eg ikkje berre læreboka; prøv å gjere oftare ting som ikkje er heilt vanleg, og prøv å gje elevane eit inntrykk av at engelsk er noko som vi faktisk skal bruke i dagleglivet. Prøv å få elevane til å kommunisere med kvarandre på ein annan måte enn å berre stille spørsmål; What is Mary's dog's name? Ikkje sant? Det er litt sånn ufatteleg-- Altså, at dei skal kunne møte ein engelskmann på gata og faktisk kommunisere med han utan å= <EMPH Yes, the toilette is over there EMPH>. Ikkje sant?

I: @

R: Ja, men litt sånn, veldig-- @

I: Eg ser veldig godt kva du meiner @

R: Ja, og eg skulle ønske at fleire engelsklærarar kunne prøve å få elevane sjølve til å skjønne dette, at dei burde ha det i dagleglivet, fordi sånn som eg ser folk i klassa mi og sånn-- Det er folk som seier at dei skulle ønske dei gjorde det betre i engelsk, men får det ikkje heilt til. Men så tenker eg litt sånn, jammen prat litt engelsk, då, eller les ei bok eller noko sånt. Gidd ikkje. Dei gidd ikkje førebu seg, dei trur den einaste måten å førebu seg på er å møte opp i engelsktimane og lese det som står i boka, ikkje sant? Og så seier dei berre at dei blir ikkje betre i engelsk-- Ikkje sant, så då får dei berre vere på 2 og 3 då--

I: Men les du mykje engelske bøker utanfor skulen?

R: Eigentleg ikkje. Eg gjorde det meir før, på barneskulen las eg faktisk mykje engelske bøker, men eg ser meir film og tv-seriar, eg trur faktisk det er der eg har fått= eller forstått engelsk språk frå, då. Eg veit ikkje, eg trur det er litt ny generasjon og, at vi er så leie av bøker på ein måte--

I: Men er det noko de kunne gjort på skulen, brukt meir film? Og då tenker eg på sånne filmar som din generasjon likar å sjå. Kunne ein brukt det til noko?

R: Vi har faktisk gjort det, og det har jo vore sånn og fordi vi av og til utover halvåret, at vi av og til eit par gonger ser filmar, ikkje berre på grunn av at det har med eit spesielt fag å gjere, men litt fordi ein skal ha noko anna av og til. Og eg trur ikkje det hjelper så veldig, fordi folk-- En film, du sit liksom-- Du treng ikkje å høyre på alle orda for å forstå kva som skjer, du kunne sett ein fransk film, og du kunne blitt underholdt og forstått alt som skjedde, på ein måte. Folk i klassa min, dei kanskje berre ser på-- Dei les norsk tekst, ikkje sant, dei prøver ikkje å få noko ut av det.

I: Det blir berre underhaldning?

R: Ja, men det er ikkje sånn at leg sit og ser ein engelsk film og tenker kva betyr det ordet, det burde eg slå opp. Det er ikkje sånn, meiner eg, men eg trur ikkje !det er den beste læremåten. Det burde kanskje meir ha vore ein premie, når ein har fått det bra på ei prøve, på ein måte. For eg trur verkeleg ikkje at-- Eg trur ein kan lære bra av film og sånn, men eg tenker på alle i klassa mi, alle saman, dei som har toarar og, alle saman ser på engelsk tv-seriar, engelske filmar, spelar engelske videospel hele tida, og dei får ikkje femmarar og firarar, ikkje sant? Så eg trur ikkje det er den beste metoden, egentleg. Faktisk ikkje, sjølv om dei fleste folk ville sagt at dei vil ha fleire tv-seriar og filmar i engelsktimane, men eg trur faktisk ikkje dei kan sitje og få så mykje ut av det, det blir berre underhaldning og sånn, at dei sit ikkje og får med seg kvart ord.

I: Du hadde veldig mykje kjekt å snakke om, altså @.

R: Ja, det håpar eg! @

I: Men no er du fornøgd?

R: Ja.

I: Då stoppar vi.

## **ID 07 (f)**

I: Kan du først seie litt om kva du synest om engelskfaget?

R: Ja, eg likar det veldig godt. Då eg gjekk på mellomtrinnet, var eg veldig oppteken av å lære meg mest mogleg engelsk for å kunne syngje engelske songar @. Då elska eg engelsk, men det vart litt verre på ungdomsskulen. Det var vanskelegare, men= sjølv om det er vanskeleg er det fortsatt kjekt å kunne lære eit utanlandsk språk.

I: Hugsar du kva du syntest var vanskeleg?

R: I 8.? Det vart masse nytt, ja grammatikk og sånn. Det er grammatikk som er det vanskelegaste. Eg synest det munnlege, det tek eg ganske greitt, men det er meir det med grammatikk og sånn.

I: Men syns du det var eit stort hopp frå barneskulen til ungdomsskulen? Kor vanskelig det var?

R: Ja, eg syns det. Eg greidde meg veldig bra i 7. i engelsk. Eg hadde sånn trinn 3, mens alle låg på trinn 2. Men eg trur eigentleg-- Eg var veldig oppteken av engelsk, eg syntest det var kjekt. Så når eg kom på ungdomsskulen så mista eg litt interessa. Det kan hende det er det og.

I: Har du fått igjen noko av den interessa?

R: Ja=, litt no det siste året. Men=, ja, eg likar jo engelsk, men det er masse å passe på. Og dei stiller like krav til norsk som til engelsk. Man må passe på å rette alle sårne—Ja @

I: Viss du kjem opp i engelsk til eksamen no, er det krise for deg, eller tenker du at det er greitt?

R: Eg har lyst til å komme opp i engelsk. For eg føler ikkje at eg har snakka nok i timane, så eg har lyst til å vise meg på munnleg. (01.59)

I: Viss du prøver å hugse tilbake til då du begynte å lære engelsk. Kor tidleg på barneskulen begynte de med det? Hugsar du det?

R: Eg trur det var i 4. eller kanskje litt tidlegare? 2. Vi hadde sårne songar at vi på ein måte lærte orda gjennom songane. Så dreiv vi og lærte vi namn på dyr @.

I: Men du likte det heilt frå starten?

R: Ja, eg trur det. Eg har alltid likt å syngje, så at man får engelsk gjennom song, det trur eg at eg syntest var ganske kjekt.

I: Viss du tenker på=, ikkje berre på deg sjølv, men sånn på dei andre elevane rundt deg, i klassen di og sånn, har du inntrykk av at engelsk er eit populært fag?

R: Nei. Det er mange som slit med det og det er mange som gruar seg til å få vite kva dei skal komme opp i til eksamen munnleg, fordi dei ikkje har lyst til å ha engelsk.

I: Handlar det om at dei ikkje synest at dei klarer å uttale det, eller kan dei ikkje nok ord, eller--? (02.58)

R: Det er begge deler, eigentleg, dei er kanskje ikkje så trygge på å snakke engelsk framfor andre i klassen. Det blir, ja=, litt rart for dei kanskje.

I: Synest du at de får mykje trening i det i timane, å snakke engelsk?

R: Ja, altså=, læraren vår-- A-klassen er ein veldig stille klasse. Vi er ikkje så munnleg aktive i timane. Men ho, læraren vår, ho prøver å presse oss litt, til å ta ordet og sånt. Så, ja, vi får masse opplæring i å snakke. (03.36)

I: Men er det alltid slik at de snakkar i heil klasse, eller får de diskutere i grupper, for eksempel?

R: Nei, vi begynner ofte med å-- Eller, det spørts litt. Vi har av og til hatt ein tekst vi skal lese til dagen etterpå. Og så, på dagen, så= set vi oss enten i grupper, og så snakkar vi om det temaet, og så kanskje vi har nokre spørsmål som ho har levert ut. Eller så snakkar vi i plenum. Så skal vi liksom seie det vi veit om det, så ho prøver å gje litt hint til kva-- Ja.

I: No har jo du sagt at du likar engelsk. Viss du skal seie kva du meistrar godt, i engelsk?

R: Hm, meistrar godt-- ?

I: Ja, i forhold til skriftleg, munnleg--

R: Eg trur eg er best på munnleg. Men sidan eg er så pirken på det eg gjer, så-- @ Ja, så gjer eg det ganske bra på begge deler eigentleg. Eg trur=, det er det munnlege eg er mest sikker på, eller tryggast på.

I: Er det noko spesielt du synest er vanskeleg? (04.48)

R: Ja. Det er denne grammatikken-- Alltid passe på, sånn som, det er nokre få ting som eg blandar heile tida, sånn som @ !was og !were, eg blir så usikker på kortid eg skal bruke was og-- Ja, det er liksom sånne småting som eg berre må få pugga inn-- @

I: Så det er ikkje blitt heilt automatisk?

R: Nei.

I: Utifrå det som du seier no, så tenker eg at du er sikkert interessert i å bli flinkare i engelsk?

R: Mhm.

I: Veit du kva du kan gjere for å bli flinkare? Klarer du å setje ord på det?

R: Altså munnleg=, då=, kanskje reise på ferie @. Snakke med folk i eit anna land. Eller lese bøker. Eg trur det hjelper ganske masse, eigentleg. Og høyre på, viss ein ser film og tek vekk teksten=, for då må ein tenke litt meir over kva dei seier.

I: Les du bøker på engelsk? (05.51)

R: Nei.

I: Har du prøvd nokon gong?

R: Ja,= men det var på barneskulen. Men eg synest ikkje at eg har så masse tid til å lese, eigentleg.

I: Så då les du kanskje ikkje så mykje på norsk heller?

R: Nei, eller, det er meir norsk enn engelsk i fritida. Og så er det å pugge, då.

I: Ja, ikkje sant? Viss du tenker på engelsktimane, og engelsklæraren din, synest du at du får= informasjon, eller råd, om korleis du kan bli flinkare i engelsk?

R: Ja. No, i 10. så bytta vi lærar i engelsk, og eg synest at eg har fått mykje meir ut av det i år enn i 8. for eksempel. Då hadde vi ein lærar som ikkje var så flink i engelsk så eg følte ikkje at eg kunne spørje om alt.

I: Har du eksempel på ting som læraren din gjer no som du kanskje ikkje føler at du fekk med den andre læraren? Er det noko spesielt du kan peike på?

R: Kva vi gjer i timane og sånn?

I: Ja, kva er det som gjer at du likar denne engelsklæraren betre?

R: Det er litt personligheta, då-- @

I: Ja, det skjønar eg, det kan det godt vere.

R: og så, det er litt med teknikkane ho vi har no brukar. Ho=, på ein måte, set !oss i søkelyset og !vi må prate.

I: i staden for at kanskje læraren snakkar meir?

R: Ja. I 8. var det masse sånn at vi skulle lese frå boka, mens no er det sånn at vi må lese !til den dagen, og så skal vi prate om det etterpå. For då, når vi ikkje berre les, når vi pratar i timane, så får vi= prøvd oss mykje meir. Vi får tenke ut våre egne setningar. For det er jo ganske viktig, å formulere setningane.

I: Så då verkar det som om det kanskje blir stilt litt større krav til dykk no?

R: Ja, ja, men vi går jo i 10. då, så--

I: Ja, det skulle berre mangle @

R: Ja! @ Ja, det er kanskje greitt å ha sånn=, lese rett av, i 8., frå boka. Altså, sånn, ja-- Du skjønar kva eg meiner.

I: Sånn at ein har litt stigning etter kvart?

R: Ja.

I: Så har eg lyst til å spørje deg litt om dette med måtar å lære på. Har du høyrte om læringsstrategiar? Er det eit ord du har høyrte før?

R: Ja, er ikkje det sånne studieteknikkar?

I: Ja, for eksempel. Har de lært nokre slike læringsstrategiar som går spesielt på det å lære !språk?Fått nokre tips, eller noko om !korleis ein lærer eit nytt språk?

R: Nei, eigentleg ikkje. Ikkje i engelsk. Men sånn som i samfunnsfag og sånn så har vi jo masse forskjellige studieteknikkar, men det blir jo ikkje same måten..

I: Nei. Så det betyr at de har kanskje meir fokus på dette med læringsstrategiar i andre fag= enn i engelsk?

R: Ja. Altså, viss vi skal lære en tekst, eller meiner du munnleg eller meiner du å lære stoffet som--

I: Eg meiner eigentleg begge deler.

R: Begge deler? Ja, men når det er å lære stoffet så brukar vi jo same teknikkar som vi har frå før, i andre fag. Men munnleg, eg kan ikkje hugse ho har sagt noko, eigentleg.

I: Kva slags heimearbeid, eller lekser, blir det forventa at du gjer i engelsk?

R: Mhm=, å vite noko om tekstane vi skal ha dagen etterpå. Vi må kunne litt om stoffet før vi kjem på skulen.

I: Er det mest ! leselekse de har heime, i engelsk?

R: Ja. Og så kanskje finne litt fakta på internett om en person. Det hadde vi til i dag. Og så=, vi har jo sånne framføringar av og til, det hadde vi i går. Så då skulle vi skrive om global oppvarming, og då måtte vi skrive heime. Vi fekk tid på skulen, men eg blei ikkje ferdig. (09.42)

I: Så då skreiv du litt ekstra heime?

R: Ja.

I: Snakkar læraren dykkar engelsk i engelsktimane?

R: Ja. Når vi snakkar sånn, i plenum, sånn som eg sa i stad, at alle må prøve å ta ordet, då snakkar vi engelsk heile tida. Mens når ho skal forklare noko, sånn= viktig beskjed for eksempel, som alle må få med seg, då snakkar ho norsk.

I: Viss det er grammatikkundervisning då?

R: Nei, då er det norsk ho snakkar. For gammatikk er litt sånn som vi må-- Det er sånne viktige ting, så då bør alle få det med seg. Så då er det lurt at ho snakkar engelsk, nei, norsk, synest eg.

I: Så det betyr at eigentleg tenkjer de slik at viss det er veldig viktig, då vil nokon gå glipp av det viss det er på engelsk?

R: Ja. Eller !eg trur i alle fall det @.

I: Snakkar elevane stort sett engelsk i engelsktimane?

R: Ja. Når vi sit i sånne grupper og så er det pålagt at vi må snakke engelsk. Ho seier det før vi set oss.

I: Eg går ut frå at de har ei eller anna form for arbeidsplan eller lekseplan?

R: Ja.

I: Har de for ei veke, to veker?

R: Ei veke. Ja, vi får kvar= fredag, då får vi ny vekeplan.

I: Er det= engelsklæraren som lagar den? Altså, for engelskfaget?

R: Ja.

I: Får de elevane vere med å meine noko om kva de skal halde på med?

R: Om lekse?

I: Ja.

R: Nei, egentleg ikkje. Vi har ein sånn perm med masse tekstar i, så vi har jo gått gjennom den no=, og kome til enden på ein måte.

I: Men sånn i starten av året, får de vere med å bestemme noko om kva slags tema de skal jobbe med, eller= er det læraren som bestemmer?

R: Ja, eg trur det. Er det ikkje sånn der pensum då? Kva vi må lære? Eller=, eg veit ikkje, eg. (11.44)

I: Når du seier at de har ein perm, har de ei bok og? Ei lærebok?

R: Ja.

I: Hugsar du kva den heiter?

R: Mhm. Crossroads A og B. B-boka er sånn grammatikk, så den er jo ganske grei å ha når ein skal øve til tentamen og sånn.

I: I alle fag så har de nokre læringsmål, noko som de skal lære. Har læraren snakka noko med dykk om kva som er læringsmåla i engelsk?

R: Ja. Ho gjekk gjennom det i byrjinga av året= trur eg, men= vi har ikkje snakka så masse om det etterpå egentleg.

I: Tenker du at det blir tilpassa til kvar enkelt elev kva de skal lære, eller opplever du det sånn at i vår klasse har alle det same som dei skal lære? (12.44)

R: Ja, det blir tilpassa for nokre, det er nokre som-- Vi hadde om global oppvarming i går, då skulle alle framføre noko om det, men så var det nokre som skulle framføre om ein annan person fordi-- Ja, sånn at det skulle bli litt enklare for dei, det var dei som var på lavt nivå.

I: Fordi at det andre temaet blei litt for vanskeleg?

R: Ja. Det er jo vanskeleg å forklare global oppvarming då, når ein ikkje har så mange ord i ordforrådet sitt= på engelsk.

I: Ja, men då tenker du på dei som ikkje er så flinke. Kva med dei som er veldig flinke? Er det sånn at !dei får noko å strekke seg etter?

R: Nei=, ikkje egentleg, trur eg. Ikkje sånn på framføringar og sånt. Det er meir at vi må gjere det beste ut av det sjølve. Så viss vi vil tilpasse det vårt nivå på ei framføring, så må vi finne litt vanskelegare ting å snakke om. Men sånn elles i undervisninga, så-- Eg kan ikkje hugse det egentleg. Men eg trur=, nei, eg veit ikkje, eg hugsar ikkje--

I: Nei. Men skriv de logg= i engelsk?

R: For timane?

I: Ja, sånn-- Kall det eigenvurdering då. Har de noko eigenvurdering av korleis de ligg an i det faget?

R: Det er viss vi-- Ja, vi hadde det på den framføringa i går. Då skulle vi skrive kva vi trudde gjekk bra og kva vi kunne forbetre og sånn. Og så skreiv vi karakter. Så det er jo sånn-- Det er ikkje sånn-- Vi gjer sånn eigenvurdering etter= ein del av framføringane eller prosjekta, men vi har det ikkje etter sånn vanleg lekse akkurat. Men det synest ikkje eg er nødvendig heller, eigentleg. (14.40)

I: Nei. Når de har utviklingssamtale med foreldrene, skriv de eigenvurdering, eller får de spørsmål på førehand sånn at de får vurdere--

R: Ja, vi har elevsamtale før utviklingssamtalen. Så vi får prata med læraren og seie kva-- Få vite litt før foreldra kjem og sit med deg, så--

I: Men de har ikkje noko skriftleg der de vurderer kvart fag, og korleis undervisninga er og kva måloppnåing du har?

R: No må eg tenke= Eh--

I: Får de heim noko skriftleg før utviklingssamtalen, der lærarane skriv om korleis de ligg an i faga?

R: Ja. Og så får vi det med heim for å snakke om det heime.

I: Før samtalen?

R: Ja, og så kanskje førebu oss litt på spørsmål vi vil spørje, eller spørsmål som foreldra mine kanskje har. Men.. eg trur vi fylte ut eit sånt skjema før utviklingssamtalen, med litt spørsmål sånn generelt, om vi trivst på skulen og sånt.

I: Ja. Men ikkje så konkret på kvart fag?

R: Nei. Eg trur det var litt sånn=, kva fag likte du best og sånn.

I: Har du høyrst om kjenneteikn på måloppnåing? (16.03)

R: Kjenneteikn på måloppnåing?

I: Ja, for eksempel= no hadde jo de ei munnleg framføring--

R: Ja.

I: Får de på førehand noko som viser kva du må gjere for å få [høg måloppnåing], middels--

R: [Å ja], vi får for tentamen og eksamen og sånt. Då står det sånn=, lavt nivå, ja og så vidare. Men på sånne framføringar så seier ho det før vi framfører. Sånn som i går, så sa ho at= for å få høg måloppnåing så må vi sjå opp frå, det er viktig å sjå opp frå manus og snakke tydeleg og høgt, og ja=, bruke stemma si.

I: Kva med det som går på reint språkleg=, uttale for eksempel, veit de noko om kor mykje det blir vurdert?

R: Uttale?

I: Ja.

R: Ja, det var jo det vi hadde i går, det var mest for ho, for i går, då vi begynte, så sa ho at ho skulle vurdere oss munnleg på denne framføringa. Så det er jo det ho fokuserer mest på. Sånn som, vi hadde jo sånn presentasjon, power point, men det spelte ikkje like stor rolle, sa ho da, men vi kunne ha med viss vi ville.

I: Men det er språket som er det viktigaste?

R: Ja, det var det ho fokuserte på.

I: Men når de får igjen karakteren på ei sånn framføring, får de berre karakteren eller får de vite noko om !kvifor de får den karakteren? (17.30)

R: Mm=, vi får begge deler. Ho-- Enten så får vi karakteren og litt kommentarar på eit ark, eller så får vi karakteren og så tar ho oss med ut av klasserommet, ein og ein, og så seier ho litt om kvifor vi fekk den karakteren.

I: Diskuterer de nokon gong med læraren, !måten de jobbar med faget på? Føler du at de elevane kan vere med å påverke korleis de brukar tida?

